

Menneske. Miljø. Kunnskap.



VENSTRE

Oslo Venstres bystyreprogram 2015–2019

Vedteke på årsmøtet 7. og 8. februar 2015

Omsett av Oslo Mållag.

Liberal by	4
Grøn by	
Klima.....	5
Miljø.....	6
Samferdsle.....	8
Byutvikling.....	11
Moglegheitsbyen	
Barnehage.....	16
Skule.....	17
Studentbyen.....	20
Mangfald og integrering.....	21
Talentbyen	
Kultur.....	23
Næringsliv.....	24
Aktiv by	
Frivillighet.....	27
Idrett.....	27
Folkehelse.....	28
Trygg by	
Helse.....	29
Eldre.....	30
Sårbare grupper.....	32
Trygt byliv.....	34
Vernebuing.....	35
Borgarane sin by	
Regionhovudstaden.....	36
Bydelar.....	36
Arbeidsgjevaransvar.....	36
Skattar og avgifter.....	37
Eigarskap og innkjøp.....	37
Open og demokratisk by	38

Liberal by

Venstre er eit sosialliberalt parti. Vi vil skapa eit samfunn der folk har fridom til å forme sitt eige liv samstundes som vi tek ansvar for kvarandre og miljøet.

Liberal politikk tek utgangspunkt i det einskilde mennesket. Det gode livet blir skapt av frie menneske som tek eigne val og som får høve til å bruke evnene sine til beste for seg og samfunnet.

Liberal politikk er optimistisk. Eit godt samfunn er bygt på kunnskap, ein open og tolerant kultur, sosial tryggleik og offensive, miljøvenlege løysingar.

Kva Venstre vil med Oslo

Oslo skal byggjast vidare som klima- og miljøhovudstad. Vi skal skapa eit nullutsleppssamfunn gjennom Europas mest miljøvenlege transportsystem, ei målretta og heilskapleg byutvikling, og sikring av marka, fjorden og byens blågrøne preg. Det skal vera enkelt å ta grønne val i Oslo.

Oslo skal vera moglegheitene og talenta sin by. Born i Oslo skal få tilbod om gode barnehagar og ein skule som held europeisk toppnivå. Det skal vera eit mål å jamne ut skilnader og gje alle som veks opp, like moglegheiter og eit trygt oppvekstmiljø. Venstre vil satse på frivillige, idrett, kultur og folkehelse, og skape arenaer der kvar einskild får utvikle og dyrke evnene sine.

Oslo er éin by, men består av mange små lokalsamfunn. Venstre vil utvikle ein nær og levande by. Vi vil auke bustadbygginga med varierte bustader over heile byen, fortette ved kollektivknutepunkt, ruste opp lokale torg og møteplassar systematisk og setja inn særskilde tiltak i dei delane av byen som treng det mest. Oslo skal vera ein trygg by med eit solid og variert helse- og omsorgstilbod. Sosiale utfordringar må møtast med sosiale tiltak, ikkje forbod.

Oslo er ein storby i vekst. Venstre vil lyfte Oslo som hovudstad og næringsby. Oslo må gå i bresjen for å utvikle ein attraktiv og berekraftig Oslo-region, og på sikt ein skandinavisk storbyregion gjennom snøgg tog til København. Nasjonale flaggskip som Munchmuseet og Deichmanske hovudbibliotek skal ferdigstillast.

Oslo skal vera ein open, raus og mangfaldig by, der ingen skal diskriminerast på grunn av kjønn, etnisitet, tru, seksuell orientering, funksjonsevne eller alder.

Venstre vil:

- Vidareutvikle Oslo som ein særprega, moderne, grøn og berekraftig by.
- Gje alle like moglegheiter til å lukkast gjennom å satse på skule og barnehage.
- Leggje til rette for kultur, idrett og næringsliv.
- Utvikle Oslo som ein trygg og nær by med levande lokalmiljø.
- Byggje nok bustader av høg kvalitet.
- At Oslo skal vera ein raus, varm, tolerant og open by.

Grøn by

Oslo skal vera ein grøn og klimavenleg by. Transportsystemet skal vera det mest miljøvenlege i Europa, og all trafikkvekst skal takast med kollektive transportmiddel, sykkel og gange. Oslo skal vekse på ein måte som er berekraftig, framtidsretta og som tek vare på nærleiken byen har til skog og sjø. Det skal vera enkelt å ta miljøvenlege val i Oslo.

Klimavenleg hovudstad

Global oppvarming er det største trugsmålet menneskeslekta står overfor. Klimautfordringane er globale, men løysingane er ofte lokale. Oslo skal vera ein nasjonal pådrivar for gjennomføring av klimakutt som monar. Oslo skal redusere utsleppa med 50 prosent (jamført med 1991-nivå) innan 2030 og vera ein nullutsleppsby innan 2050. Det er opp til vår generasjon å syte for at det skjer eit grønt skifte som tek klimautfordringane på alvor.

Lågutsleppsbyen

Venstres ambisjon er at Oslos kollektivtransport skal vera leiande i Europa. Bilparken i Oslo skal vera den minst forureinande i verda, samstundes som vi kuttar CO₂-utslepp frå oppvarming.

Venstre vil:

- At all transportvekst skal takast med kollektiv, sykkel og gange.
- At all kollektivtransport skal vera utsleppsfri innan 2020.
- Fase ut all bruk av fossil energi til oppvarming i Oslo innan 2020.
- At bilparken til kommunen skal vera utsleppsfri.
- At alle kommunale etatar og verksemder skal vera miljøsertifiserte.
- Auke produksjonen av rein energi i Oslo-området, mellom anna biogass frå avfall, jordvarme, vind og sol.
- Byggje ut fjernvarmenettet og bidra til endå meir miljøvenlege oppvarmingsløysingar enn fjernvarme der det er mogleg.
- Vurdere miljøfelt der nullutsleppsbilar, nyttetransport og samkøyring er tillate.
- Samarbeide med næringslivet for å utvikle energistasjonar som tilbyd hydrogenfylling, biogassfylling og hurtiglading og semi-hurtiglading for elbilar.
- Etablere 200 ladestasjonar for elbilar kvart år, fordelt utover i byen, slik at elbilar blir eit reelt alternativ for flest mogleg.
- Oppretthalde gratis parkering for nullutsleppsbilar og bruk av kollektivfelt der dette ikkje er til hinder for kollektivtrafikken.
- Innføre lokal CO₂-avgift på fyringsolje.
- Auke utnyttinga av biogassanlegget på Nes gjennom samarbeid med nabokommunar.
- Tillate at plug-in-hybridbilar også kan nytte p-plassar som er reserverte for elbilar.

Rein luft

Dårleg luftkvalitet gjev helseplager og redusert livskvalitet. Dei viktigaste kjeldene til luftforureining i Oslo er vegtrafikk, ved- og oljefyring og utslepp frå skip. Venstre vil prioritere dei delane av byen som er spesielt utsette for støy og forureining. For å leie tungtransporten vekk frå bustadområde og inn på utvalde delar av hovudvegnettet, spesielt i Groruddalen, vil Venstre opprette eit tungtransportnett.

Venstre vil:

- At Oslo skal oppfylle alle nasjonale krav og EU-krav knytte til grenseverdier for støy, luftforureining og klimagassutslepp.
- Fullføre arbeidet med plan for tungtransport i Groruddalen.
- Ha lågutsleppsferjer på alle ferjestrekningar i Indre Oslofjord.
- Innføre rushtidsavgift i bomringen.
- Påleggje bruk av landstraum for ferjer og cruiseskip.
- Auke piggdekkavgifta og bruken av regulerbare fartsskilt.
- Auke bomavgifta for tungtrafikk om vinteren.
- Forby gjennomkøyring av tungtransport i bustadområde og avgrense køyring med dieselkøretøy på dagar med høg luftforureining, mellom anna ved bruk av miljødifferensierte avgifter ved bopasseringar.
- Kutte CO₂-utslepp gjennom å fase ut all bruk av fossil energi til oppvarming og gje støtte til utskifting av gamle vedomnar.
- Sikre god varsling på dagar når grenseverdiane for luftforureining blir overskridne.

Miljøbyen Oslo

Å ta vare på miljøet handlar både om å ta vår del av ansvaret for globale miljøproblem, og om å gjera Oslo til ein betre by å bu i. Ein by med små avstandar, som er lagd godt til rette for gåande, syklistar og kollektivtransport, er bra både for borgarane og for miljøet. Det er alle dei små miljøvala i kvardagen som i sum kan bidra til å løyse miljøutfordringane. Venstre vil gjera det enklare, billegare og meir naturleg å ta grønne val.

Grøne nærmiljø

Grøne område til rekreasjon og fysisk aktivitet har stor verdi, særleg nær der folk bur. Grøntstrukturen fyller også viktige funksjonar i byen, som å romme biologisk mangfald, handtere overflatevatn, verja mot flaum, binde svevestøv, reinse lufta og regulere lokalklima. Tap av grøntområde gjev dårlegare folkehelse og dårlegare livskvalitet.

Venstre vil:

- Opparbeide fleire grøntområde og parkar.
- Halde fram gjenopninga av elvar og bekker som er lagde i røyr, og syte for god reinsing av Oslos vassdrag.
- Fullføre turvegnettet og halde ved like eksisterande turveggar og -stiar.
- Hindre utbygging i parkar, grøntdrag og friområde.
- Halde parkane velstelte og frie for søppel.
- Gjennomgå alle mellombelse bygg i friområde og lage ein plan for når og korleis desse skal fjernast.
- Fjerne den mellombelse barnehagen på Ola Narr i laupet av 2016 og gjenopprette parken.
- Rehabiliterer avlaupsnettet raskare for å betre vasskvaliteten i fjorden, innsjøane og vassdraga i Oslo.
- Syte for at forvaltings- og skjøtselsplanane for Østensjøvannet naturreservat og Østensjøområdet miljøpark blir fylgde opp.
- Bevare fleire store tre i byggjesonen.
- Utarbeide ein årleg grøntrekneskap.

- Sikre truga artar gjennom skjøtsels- og vernetiltak, og kjempe mot framande artar.
- Ha eit samanhengande grøntdrag gjennom dalbotnen i Groruddalen, med tverrgåande drag, og leggje dette til grunn for nye utbyggingsprosjekt.
- Avgrense ljosforureining i Oslo, mellom anna gjennom utforminga av offentlege uteljos.
- Lage ein blågrøn korridor frå Østensjøvannet til Alna ved å opne Østensjøbekken.

Marka for alle

Å bevare Marka og grøntareala i byen er ein føresetnad for eit godt og sunt bymiljø. Oslo har store tomtereservar og stort potensial for klimavenleg fortetting, utan å redusere korkje Oslomarka eller grøntareala og parkane som ligg innanfor bygrensa. For å verja grøntareal vil Venstre at den tyngste utbygginga skal skje i prioriterte vekstområde.

Venstre vil:

- Bevare markagrensa.
- Gje alle former for friluftsliv gode moglegheiter til å bruke Marka, inkludert idrettar som terrengsykling, orientering og terrenglaup.
- At kulturlandskapa i Maridalen og Sørkedalen skal bevarast gjennom aktiv skjøtsel.
- Opprette ein bynær nasjonalpark i Østmarka.
- Framleis ha ynglande ulv i Oslomarka.
- Samarbeide med lokale turlag og historielag om å kartleggje kulturminne i Marka og gjera dei lettare tilgjengelege.
- Etablere inngrepsfrie område i Marka for å sikre særleg verdifull gamalskog.

Fjorden for alle

Oslo er ein fjordby. Fjorden og øyane er viktige fritidsområde for innbyggjarane i byen. Venstre vil styrkje kontakten mellom by og fjord ved å byggje hamnepromenaden og leggje til rette for badeplassar, leike- og idrettsplassar og område for rekreasjon og aktivitet langs heile kystlina i byen.

Venstre vil:

- Syte for god vasskvalitet i fjorden.
- Sikre at øyane i Indre Oslofjord er tilgjengelege for ålmenta.
- Ruste opp badestrender og gjera fleire av dei universelt utforma.
- Sikre ålmenta tilgang til strandsona gjennom å fjerne ulovlege stengsel og fullføre kyststien.
- Leggje til rette for fritidsaktivitetar på fjorden.
- Utarbeide ein verneplan for Oslofjorden.

Grønt kvardagsliv og urbant jordbruk

Grøne val er bra for miljøet, men også bra for den einskilde. Eit grønt kvardagsliv kan gje helsegevinstar, auka trivsel og gjera kvardagen enklare for mange. Venstre vil gjera det lettare for folk å omsetja haldningar og verdiar til praktisk handling. Det grønne skiftet skaper også eit aukande engasjement for urbant jordbruk.

Venstre vil:

- At det skal vera enkelt, effektivt og attraktivt å reise kollektivt i Oslo.

- Vidareføre satsinga på kjeldesortering og materialgjenvinning.
- Etablere fleire gjenbruksstasjonar.
- Vidareutvikle Oslo som forsøksby for ny, klimavenleg teknologi.
- Premiere miljøvenleg åtfærd gjennom bruk av skatte- og avgiftssystemet og kommunen sitt klima- og energifond.
- Stimulere til auka bruk av delingsordningar.
- Tilby fleire offentlege areal til urbant jordbruk og parselhagar, og inkludere urbant jordbruk i byplanlegginga.
- Behalde eksisterande koloni- og skulehagar, og etablere fleire skulehagar.
- Leggje til rette for at det blir bygt fleire grønne tak i Oslo, mellom anna for å handtere overvatn og hindre flaum.
- Leggje til rette for bier og humler i byen gjennom riktig utplanting og spesielt avsette område.
- Gjera Oslo kommune til ein større innkjøpar av fairtrademat og økologisk mat.

Miljøgifter

I byar har lange periodar med menneskeleg aktivitet ført til opphoping av miljøgifter. Det er framleis for høge konsentrasjonar av miljøgifter langs mange trafikkerte vegar, i fjorden og på gamle industritomter.

Venstre vil:

- Auke utsorteringa av spesialavfall.
- Syte for at miljøgifter på gamle industritomter blir fjerna.
- Halde fram oppryddinga og reinsinga av hamnebassenget.
- Senke grensenivået for tiltak mot tungmetall i jord for nye leikeplassar, barnehagar og bustadområde.

Europas mest miljøvenlege transportsystem

I Oslo skal det vera enkelt, trygt, attraktivt og billeg å reise miljøvenleg. For å nå målsetjinga om framleis vekst i kollektivdel og ei dobling av delen syklande, må investeringar og driftstilskot auke monaleg i åra som kjem. Biltrafikken må reduserast, både ved at alternativa blir betre, og gjennom bruk av restriksjonar.

Kollektivbyen Oslo

Kollektivtransport skal vera eit naturleg fyrsteval for dei aller fleste reiser i Oslo. Kollektivtrafikken skal vera effektiv med gode knutepunkt for god framkome og høg frekvens.

Venstre vil:

- Prioritere fotgjengarar, sykkel, kollektivtransport og nyttetransport framfor privatbilisme.
- Auke det statlege bidraget til kollektivtrafikk ved reforhandling av Oslopakke 3 og nye bymiljøavtalar.
- Auke delen av Oslopakke 3 som går til kollektivtransport, til minst 70 prosent, og minst 80 prosent i Oslo.
- Betre framkoma for trikk og buss i sentrum gjennom å avgrense gateparkering, opprette kollektivgater og fleire bilfrie gater, avgrense gjennomkøring i sentrum og prioritere kollektivtransport i ljuskryss.
- Leggje til rette for innfartsparkering.

- Vidareføre låg pris på månadskort.
- At månadskortet for kollektivtransport også skal gjelde bysykkel.
- Vidareføre dagens prinsipp for organisering av kollektivtrafikken.
- Sikre universell utforming av kollektivtilbodet, slik at flest mogleg skal kunna reise miljøvenleg.

T-bane og trikk for framtida

T-banenettet og trikkenettet må utvidast for å halde tritt med folkeveksten. T-bana er ryggrada i det kollektive transportnettet i Oslo. For å vidareutvikle trikketilbodet er det naudsynt med nye, moderne og stillegåande trikkar.

Venstre vil:

- Gjera Fornebubanen ferdig innan 2021.
- Kjøpe inn nye, stillegåande trikkar innan 2019.
- Starte arbeidet med ein ny sentrumstunnel for å sikre kapasitet i T-banenettet.
- Forlengje Furusetbanen til Ahus og vurdere ytterlegare forlenging til Lillestrøm.
- Byggje trikk til Tonsenhagen og greie ut forlengingar av andre trikkelinjer.
- Fullføre Lørenbanen i 2016 og innføre 7,5-minuttsrute på fleire T-baneliner.
- Skunde på arbeidet med tverrgåande T-bane i Groruddalen frå Økern til Furuset via Breivoll.
- Fornye signalanlegget til T-bana.
- Vurdere aktuelle nye T-baneliner som til dømes mellom sentrum og Storo/Sinsen via Grünerløkka og Torshov.
- Greie ut trikk langs delar av Ring 2.
- Utvide rutetidene på T-bana på kvelden i helgene.
- Ha internettilgang på alle kollektive transportmiddel.

Betre busstilbod

Buss er i dag det mest brukte kollektivtilbodet i Oslo. Samstundes er det ei utfordring at delar av gatenettet i indre by er overbelasta av bussar. Venstre vil syte for at planane om ein ny bussterminal i tilknytning til Oslo S blir realiserte.

Venstre vil:

- Syte for eit effektivt bussrutenett som heng saman med resten av kollektivtilbodet.
- Utvide nattbussordninga og innføre døgnbusslinjer med 24-timars kollektivtransport på alle dei trafikkunge strekningane.
- At fleire bussruter skal ha avgang kvart 5. minutt.
- Etablere ny bussterminal i tilknytning til Oslo S.
- Opprette kollektivfelt på dei viktigaste infartsårene og Ring 3.
- Ha endestasjonar for pendlarbussar ved kollektivknutepunkt utanfor bykjernen, til dømes på Skøyen og Helsfyr.

Sykkelbyen Oslo

Sykkeldelen i Oslo aukar, og skal halde fram med å auke. Oslo skal bli ein mykje betre og tryggare by å sykle i for alle. Den same satsinga som er gjort for kollektivtrafikken, må gjerast for sykkel.

Venstre vil:

- Auke sykkeldelen frå 8 prosent (2013) til 16 prosent innan 2025.
- Ta omsyn til syklistar i alle samferdsle- og byutviklingsprosjekt.
- Byggje eit tett sykkelvegnett med høg standard i heile byen, også sentrum, med til saman 600 km sykkelveg innan 2025.
- Leggje til rette for elsyklar, mellom anna med ladestasjonar ved sentrale sykkelparkeringar.
- Byggje fleire P-hus for sykkel.
- Byggje fleire sykkelstativ i Oslo sentrum, og på alle T-banestasjonar og større busshaldeplassar.
- Syte for betre brøyting og strøing av sykkelvegnettet.
- Betre merkinga for syklistar i kryss og på vegar, gjennom større skilt og tydeleg skilting langs sykkelveggar, og raude sykkelfelt og sykkelboksar før kryss.
- Skilte fleire gater og vegar med prioritering for syklistar, mellom anna mot einvegskøyring.
- Tillate at syklar kan fraktast gratis på T-bana utanom rushtida.
- Setja i gang kampanjar og sykkeltiltak for å få fleire til å sykle oftare.
- Forbetre og utvide bysykkelordninga, og sikre døgnopen tilgang til bysyklar.
- Forbetre reiseplanleggingsportalar (som www.ruter.no) også for sykkel.
- Etablere vedlikehaldsstasjonar for sykkel i alle bydelar.

Båt

Eit godt ferjetilbod kan føre til at fleire vel kollektivtransport framfor bil. Venstre ynskjer å ta i bruk fjorden som samferdsleåre i større grad enn i dag, særleg ved fjordkryssing. Ferjer gjev køfrie reisemoglegheiter og kan avlaste hovudvegane i rushtida.

Venstre vil:

- Etablere eit båttilbod i Indre Oslofjord mellom Oslo sentrum–Lysaker–Fornebu–Nesoddtangen–Oslo sentrum i samarbeid med Akershus fylkeskommune.
- Ha sumarruter frå Oslo sentrum til badestrender som Ingierstrand, Hvervenbukta og Huk.
- Auke frekvensen og kapasiteten på ferjeruta mellom Nesoddtangen og Aker Brygge.
- Stille krav om låg- eller nullutsleppsteknologi ved nye båtanbod.

Tog og gods

Jernbana og lokaltoga er ryggrada i det regionale kollektivsystemet. Lokaltoga spelar ei avgjerande rolle for å redusere vegtrafikken over Oslos grenser i rushtida. På lang sikt kan snøggtog til København leggje grunnlaget for ein skandinavisk storregion med 8 millionar innbyggjarar. Auka godstransport på bane vil avlaste vegnettet gjennom Oslo.

Venstre vil:

- Starte arbeidet med ein ny jernbanetunnel gjennom Oslo.
- Auke kapasiteten og frekvensen på lokaltoga i Groruddalen, til Holmlia/Hauketo og Grefsen/Kjelsås.
- Etablere fleire godsterminalar i austlandsområdet for å få meir gods over på jernbane, og avlaste, og på sikt erstatte, Alnabruterminalen.
- Overføre ansvaret for lokaltoga til Ruter.

- Opne for gratis sykkeltransport på toget utanom rushtida.
- Prioritere utbygging av dobbeltspor som er tilrettelagt for høg fart frå Oslo til Skien, Hønefoss, Lillehammer og Halden.
- Arbeide for at InterCity-tog til Halden blir planlagt slik at det er mogleg å vidareføre snøggtoget til København.

Bil- og sykkeldeling

Bildeling gjer det mogleg for fleire å klare seg utan eigen bil, og bidreg til at fleire vel å reise kollektivt, gå eller sykle til vanleg, i staden for å køyre bil.

Venstre vil:

- Stimulere til auka bruk av delingsordningar for bil og sykkel.
- Leggje til rette for reservert parkering på offentleg gategrunn for bildelingsordningar, og sjå dette i samheng med buarparkering.
- Sjå på moglegheita for å etablere ei abonnementsordning for elsykkel.

Taxi

Taxitilbodet er ein del av kollektivtilbodet i Oslo og ein føresetnad for aktivitet og deltaking i samfunnet for mange menneske med nedsett funksjonsevne. Venstre vil ha ein velfungerande, trygg og miljøvenleg drosjemarknad i Oslo.

Venstre vil:

- Modernisere regelverket og organiseringa av drosjenæringa, slik at kommunen får betre høve til å stille kvalitetskrav og miljøkrav for at næringa skal bli meir tilpassa forbrukarane sine behov og møte nye teknologiske løysingar.
- Stille krav om nullutsleppsbilar i drosjenæringa innan 2023.
- Syte for god prisinformasjon, også på drosjehaldeplassar.
- Gjera det lettare å etablere nye drosjesentralar som tilfredsstillar krava som er fastsette av staten og kommunen.
- At kommunen skal inngå forpliktande avtalar med drosjenæringa om TT-transport, for å vareta eit føreseieleg tilbod av høg kvalitet.
- At førarhund ikkje skal kunna nektast åtgang i drosje.

Hovudvegnettet

Oslo er navet i det nasjonale transportsystemet. Kø og forseinkingar råkar særleg konkurransevne til næringslivet. Venstre vil at utbygginga av vegnettet i Oslo-regionen skal sjåast i samheng med andre samferdsle- og byutviklingstiltak, slik at vi får auka framkome og betre lokalmiljø.

Venstre vil:

- Ha lok over E6 på Furuset og opne for nærings- og bustadutvikling på det nyvunne arealet.
- Prioritere å byggje Røatunnelen og Manglerudtunnelen og finne ei løysing for eit nytt Nydalskryss.
- Byggje om riksveg 4 i Groruddalen for å redusere miljøbelastninga i nærområdet.
- La lokale miljøomsyn vega svært tungt ved planlegging og gjennomføring av

- prosjekta i Oslopakke 3.
- At Statens Vegvesen må skjerme nærmiljøet frå trafikkbelastninga på regionale hovudveggar, gjennom mellom anna Bredtvedt-/Fossumdiagonalen.
- Avgrense den planlagde utvidinga av E18 gjennom Asker og Bærum for å frigjera midlar til kollektivtransport og unngå store trafikkproblem i Oslo.
- Ta initiativ til ei langsiktig samferdslepakke for Groruddalen og nedre Romerrike, som eit spleiselag mellom staten, Oslopakke 3 og trafikantane.
- Stoppe vidare utbygging av nye lagerbygg og terminalar i Groruddalen fram til ein overordna transportplan for å vareta trafikken er på plass.
- Erstatte bruk av vegsalt med meir miljøvenlege alternativ.
- Kanalisere trafikk bort frå lokalmiljø og inn på hovudveggar.

Redusert parkering i indre by

Gateparkering tek opp verdifull gateplass som kan brukast til å betre framkoma for syklistar, gåande og kollektivtransport, og bør difor reduserast. Det er eit mål at fleire skal kunna leve utan bil, men likevel vil mange framleis ha behov for gateparkering. Det må takast omsyn til dei som bur der, rørslehemja og næringsliv når talet på parkeringsplassar blir redusert.

Venstre vil:

- Redusere gateparkering i sentrumsområde der det er ledig kapasitet i parkeringshus.
- Leggje til rette for etablering av underjordisk parkering, til dømes under parkar og torg.
- Styrkje ordninga med buarparkering og innføre betaling heile døgnet på alle kommunale parkeringsplassar innanfor Ring 2.
- Auke prisen på kommunal parkering og bruke dei auka inntektene på å investere i miljøvenleg infrastruktur.
- Opprette eigne parkeringslommer som er reservert for varelevering og handverkarar.
- Sikre gode parkeringsmoglegheiter og framkome for rørslehemja.
- Sikre god skilting til P-hus ved innfartsårer.

Ei framtidsretta og berekraftig byutvikling

Oslo er i sterk vekst og stor endring. Det gjev moglegheiter til å skapa ein endå betre by gjennom god byutvikling. Konsentrert busetnad, korte avstandar og god tilgang på kollektivtransport gjev lågare utslepp og mindre energibruk. Venstre vil fortette i delar av byen for å sikre tilstrekkeleg areal til næring og bustader, samstundes som grønne lunger blir bevara. Oslo skal ha arkitektur av høg og berekraftig kvalitet, både i utforming og materialbruk.

Målretta vekst for ein betre by

Det må byggjast nok bustader i Oslo for å møte folkeveksten. Alle område må planleggjast med ein riktig balanse mellom bustader, arbeidsplassar, ulike tenestetilbod og attraktive grøntområde. Planlegging må skje slik at folkevekst ikkje fører til auka forureining. Når bustadområde blir utvikla slik at det ikkje er naudsynt å bruke bil for å klare seg i kvardagen, skaper vi ein meir berekraftig by.

Venstre vil:

- Ha som mål at bustadbygginga i Oslo aukar monaleg, slik at det frå 2017 blir ferdigstilt minst 4 000 nye bustader kvart år.

- Utvikle nye, attraktive bydelar på område som no er prega av næringseigedom og industri.
- Fortette ved knutepunkt med skjenegåande transport.
- Planleggje bustadområde med sikte på redusert bilbehov, mellom anna ved å leggje private og offentlege daglegtenester i nærleiken.
- Redusere talet på parkeringsplassar som krevst i utbyggingar i område med god kollektivdekning.
- Syte for at store arbeidsplassar som hovudregel skal leggjast nær kollektivknutepunkt.
- Planleggje fleire område av byen med ein kvartalsstruktur og ein tettleik tilsvarande kvartalsbusetnaden på Frogner, Majorstua, Grünerløkka og Torshov.
- Ha ei restriktiv haldning til bygging av høghus, men tillate dei der dei glid naturleg inn i bymiljøet, er del av ein overordna plan og ikkje bryt med Oslos topografi.
- Fremja by- og bustadutvikling mellom Skøyen og Lysaker i samband med bygging av Fornebubanen.

Sosial bustadbygging og varierte bumiljø

Ein variert busetnad og attraktive bumiljø over heile byen er viktig for å motverke sosiale skiljeliner i og mellom bydelane. Kommunale bustader må fordelast på ein slik måte at det også finst eigna husvære for barnefamiliar, med leikefasilitetar, trygge uteareal og eit trygt bumiljø for borna. Ein aktiv bustadpolitikk som jamnar ut sosiale skilnader, vil også vera positivt for integreringa.

Venstre vil:

- Ha eit tilstrekkeleg tal på kommunale utleigebustader, og syte for at dei er fordelte over heile byen.
- Sikre at kommunale bustader blir haldne ved like fortløypande.
- Innføre løysingar der dei som bur i kommunale husvære, kan velja å eige ein del i husværet og over tid overta kommunen sin del.
- Prioritere barnefamiliar når kommunale bustader skal fordelast.
- Sikre fleire familiehusvære i indre aust og variert busetnad i alle delar av byen ved å bevare dagens husværenorm.
- Leggje til rette for at bustadkooperasjonar og -stiftingar kan byggje fleire rimelege utleigebustader.
- Gjera det meir gunstig å byggje utleigebustader, gjennom endringar i regelverk og samarbeid med mellom andre Husbanken.
- Føre ein bustadpolitikk som bidreg til å jamne ut sosiale skilnader mellom ulike delar av byen.
- Vidareføre avgrensingane i eigarseksjonslova for å forhindre spekulasjon, og vurdere nye tiltak for at lova ikkje skal bli undergraven.

Gode lokalmiljø

Oslo er ein storby som består av mange små lokalsamfunn. Tilhøyrsløse til eit nærmiljø gjev tryggleik og livskvalitet. Ei heilskapleg byutvikling må sikre gode nærmiljø, gjennom tilgang på grøntområde for lek, idrett, naturoppleving og annan utandørs rekreasjon i rimeleg gangavstand frå bustaden.

Venstre vil:

- Utvikle lokale gater, vegar og stiar gjennom satsing på trygge skulevegar.

- Vidareutvikle skular som kultur- og aktivitetssenter i lokalsamfunna.
- Vidareføre småhusplanen og bevare småhusområda.
- Utvikle fleire bydelssenter, gjerne som mindre nærsenter i gangavstand frå der folk bur.
- Utvikle lokale torg- og møteplassar, mellom anna gjennom utvikling av nærsenter i Groruddalen og Søndre Nordstrand til attraktive bumiljø.
- Leggje til rette for lokale idretts- og leikeplassar, gjerne i tilknytning til skular.
- Oppretthalde Groruddalssatsinga og Oslo Sør-satsinga i samarbeid med bydelane.
- Styrkje satsinga på Tøyen ytterlegare.

Folkeliv i sentrum

Den indre delen av Oslo skal vera byen sitt hjarte, med yrande folkeliv, attraktivt kulturliv og eit næringsliv som vender seg til menneska på gateplan. Då er det viktig å ha reine og grønne byrom, der mjuke trafikantar kjenner seg trygge.

Venstre vil:

- Sikre gode og ljose byrom med menneskelege dimensjonar.
- Vidareføre oppgraderinga av gater og torg i sentrum, med universelt tilgjenge.
- At vegar og fortau blir haldne reine og trygge.
- Vurdere nullutsleppssoner i indre by.
- Revitalisere Oslo sentrum med fleire bustader, mellom anna i Kvadraturen.
- Leggje til rette for fortauskafear og uteservering der det ikkje går utover framkoma.
- Leggje til rette for næringslokale i fyrsteetasjar i indre by.
- Etablere tilskot til uteljøs for bygningar i Oslo sentrum.
- Arbeide med byreparasjon og infill slik at unytta tomtereservar blir betre utnytta.
- Byggje fleire gågater, gatetun og bymiljøgater.
- Setja opp fleire offentlege toalett over heile byen.
- Setja ut fleire søppelkasser over heile byen.
- Flytta Oslo fengsel ut av sentrum og leggje til rette for bustadbygging, barnehage og grøntområde på tomta.
- Leggje til rette for gatekunst.
- Førebu god etterbruk av gamle Deichmanske hovudbibliotek.

Fullføre Fjordbyen

Fjordbyen vil gje Oslo ei god blanding av bustader, næring og kultur på det som før var utilgjengelege hamneområde. Området gjev no heilt nye moglegheiter. Venstre vil sikre at utviklinga held god kvalitet og gjev befolkninga i Oslo tilgang til fjorden.

Venstre vil:

- Ferdigstille nye Deichmanske hovudbibliotek og Munch-museet i Bjørvika.
- Utvide Middelalderparken, sikre samanhengen med Ruinparken og reetablere Oslo torg.
- Fjerne bussane frå Bispegata for å vareta Middelalderbyen og Oslo torg.
- Byggje ut Filipstad med bustader, næringseigedomar, skule og eit grøntområde som bind Skillebekk saman med fjorden og skaper eit samanhengande turområde.

- Ha ei blanda utbygging med bustad og næring på Vippetangen, som tek omsyn til kulturhistoriske verdiar.
- Fullføre stranda utanfor operaen og etablere eit sesong- og sjøbasert symjebasseng i Bjørvika.
- Leggje til rette for bygging av eit akvarium i Oslo.
- Fullføre arbeidet med fjordbytrikk i Bjørvika og til Filipstad.

Miljøvenlege byggjeprojekt

Venstre vil gjera Oslos bygningsmasse grønar. Bygningar og annan infrastruktur har mykje å seia for energibruk og miljøbelastning. EU har avgjort at nye private bygningar, frå og med 2020, og nye offentlege bygningar, frå og med 2018, skal ha nær null i energiforbruk. Oslo bør leggje seg på minst same ambisjonsnivå.

Venstre vil:

- At alle kommunale bygg skal byggjast med passiv- eller plusshusstandard eller tilsvarande.
- At kommunen som leigetakar etterspør energiklasse A der dette ikkje går på kostnad av vesentlege kulturminneverdiar.
- Syte for energigjenvinning av alt avfall som går til forbrenning.
- Sikre ei berekraftig og langsiktig forvaltning av kommunen sine eigedomar.
- Auke rammene til Oslo kommune sitt klima- og energifond.
- Miljøsertifisere alle kommunale bygningar.
- Gjera klima- og energifondet sine støtteordningar betre for husvære, gjennom tilskot til mindre tiltak, som utskifting til energisparevindauge, reintbrennande omnar, varmpumper og solenergi.
- Kartleggje Oslos potensial for lokal produksjon av fornybar energi.
- Stimulere og leggje til rette for energigjenvinning, geoenergi, varmpumper, urbane vindmøller og solenergi som supplement til fjernvarme.
- Vidareføre ordninga med 50 prosent rabatt på byggjegebyra for tiltak som går lenger enn gjeldande lovkrav.
- Bevare eksisterande busetnad for å unngå unaudsynlege klimautslepp ved nybygg.
- Leggje til rette for at flest mogleg material blir gjenbrukte ved arbeid på vegar, fortau og andre installasjonar, for å avgrense utslepp ved produksjon og transport.

Tilgjenge for alle

Arbeidet med å gjera byen betre tilrettelagd for personar med nedsett funksjonsevne, held fram. Venstre ynskjer ein by som er open og tilgjengeleg. Universell utforming er heilt naudsynt for somme, og gjer byen betre å ferdast i for alle.

Venstre vil:

- La universell utforming vera førande for planlegging av alle offentlege rom.
- Utbetre gater, plassar og stader med dårleg tilgjenge.
- Vidareføre arbeidet med universell utforming i Oslos kollektivsystem.
- Sikre godt tilgjenge til alle offentlege kontor og møterom.
- Sikre god strøing og snørydding.
- Krevja at helseinstitusjonar som mottek driftstilskot, er universelt utforma.

Kulturhistorien skal takast vare på for framtida

Vern av gamle bygningar og andre kulturminne er viktig for å bevare byen sin identitet, og gjev gode opplevingar til både lokalbefolkning og tilreisande. Levande kulturminne er også kjelder til kunnskap om lokal ressursutnytting og levesett. I dag forfell kulturhistoriske kvalitetar grunna spekulasjon, men også fordi den generelle innretninga av bygningsvernet kan skapa dårleg føreseielegheit. Langsiktig god bruk og forvaltning av eksisterande bygningsmasse minskar dessutan forbruk og miljøbelastning. Kulturminne blir best verna gjennom bruk og verdibevarande vedlikehald.

Venstre vil:

- Prioritere strengare kva bygningskvalitetar som er verneverdige.
- Gjera det tydeleg og tilgjengeleg i kommunale databasar kva prioriterte kulturminneverdiar den einskilde eigedomen representerer.
- Gjera det enklare for det einskilde burettslaget eller sameiget å få informasjon om kva kvalitetar som er bevaringsverdige i eigedomen deira.
- Sikre verdibevarande bruk, rehabilitering og utvikling av verneverdige bygningar og anlegg i retningsliner for byggjesakshandsaminga.
- Premiere utvikling som fremjar berekraftige kvalitetar og universell utforming i bygg med kulturhistoriske verdiar.
- Utarbeide bydelsvise kulturminneplanar i samarbeid mellom lokalbefolkninga, bydelen, Byantikvaren og Plan- og bygningsetaten.

Ei heilskapleg og styrt byutvikling

For å få tilstrekkeleg bustadbygging er det naudsynt å gjera det enklare å utvikle nye bustader. Venstre meiner at gode, overordna planar og tidleg, brei medverknad kan bidra til raskare framdrift og gode løysingar. Kommunen skal styre byutviklinga tydelegare, samstundes som prosjekt ikkje må utsetjast for unaudsynlege krav og ein komplisert søknadsprosess. Spesielt i større prosjekt krev vekst med kvalitet god koordinering mellom det offentlege og private.

Venstre vil:

- Styrkje den heilskaplege planlegginga av byutviklinga gjennom kommunedelplanar, områdeanalysar og konseptvalutgreiingar.
- Syte for at gode, overordna planar gjev føreseielegheit for utbyggjaren.
- Gjera strategiske tomtekjøp for å møte framtidige behov for nye skular, barnehagar, sjukeheimar og anna kommunen treng for å møte folkeveksten.
- Opprette utbyggingssselskap for å koordinere offentlege og private interesser ved utvikling av strategisk viktige område.
- Stille krav om felles planlegging for utviklingsområde med fleire grunneigarar, og at kommunen tek initiativ til samarbeid der kommunen har grunneigarinteresser.
- Bruke ordninga med grunneigarbidrag, og vidareutvikle henne for å finansierte infrastruktur i ein by som veks.
- Arbeide for at gode kollektivløysingar blir planlagde og ferdigstilte samstundes med større utbyggingar, som til dømes Gjersrud/Stensrud og Hovinbyen.
- Stimulere utbyggjarar til å satse på god arkitektur og berekraftige bygningar, ved til dømes å tillate noko høgare utnyttingsgrad i prosjekt av høg kvalitet.
- La utbyggjarar konkurrere både på pris og prosjektkvalitet ved sal av kommunale utbyggingstomter.

- Arbeide for at inntekter frå hamneverksemd skal kunna brukast til realisering av større samferdsle- og byutviklingsprosjekt.
- Redusere sakshandsamingstida i Plan- og bygningsetaten.
- Etablere ein hurtigkø i byggjesakshandsaminga for mindre byggjetiltak.
- Ha tidleg og brei brukarmedverknad i planprosessar for å gje befolkninga reelt høve til å påverke byutviklinga, utan at det går på kostnad av framdrifta.
- Syte for at borns interesser blir høyrde i store områdeutbyggingar, mellom anna gjennom bruk av barnetråkk.
- Syte for at det er mogleg å ha all kommunikasjon med kommunen i byggjesaker digitalt.

Moglegheitsbyen

Osloskulen har gjennom fleire år klart å skapa gode resultat og jamne ut skilnader. Venstre vil halde fram med å auke kvaliteten i skulen, spesielt sett i ljøs av Oslos samansette elevgrunnlag. Venstre vil satse på born og unge gjennom eit godt oppvekstmiljø og trygge barnehagar og skapa arenaer der kvar einiskild har høve til å lukkast.

Barnehage for leik og læring

Barnehagen er ein stad der born lærer å møte verda gjennom leik og samspel. Gode barnehagar er ein del av grunnlaget for ein trygg og god oppvekst.

Barnehagelyftet Oslo

Dei tilsette er den viktigaste ressursen for barnehagen. Det må arbeidast systematisk med å sikre fleire engasjerte og dyktige tilsette, og gje dei rammevilkår og tid til å sjå kvart einiskilt barn.

Venstre vil:

- Sikre dagens bemanningsnorm i barnehagane.
- Betre rekrutteringa til barnehagelærerutdanninga.
- Arbeide for å rekruttere barnehagelærarar i andre yrke tilbake til barnehagane.
- Auke tilbodet om etter- og vidareutdanning for barnehagetilsette, etter modell frå Osloskulen.
- Utdanne fleire assistentar til barnehagelærarar gjennom arbeidsplassbasert utdanning.
- Jobbe systematisk for å redusere sjukefråværet.
- Innføre seniortiltak for å halde på barnehagelærarar.
- Arbeide for å auke pedagogtettleiken, slik at minst 50 prosent av dei tilsette har barnehagelærerutdanning eller tilsvarande.
- Tilby leiarutvikling for tilsette i barnehagane.

Eit variert tilbod for alle born i Oslo

Venstre vil at barnehagetilbodet skal vera fleksibelt når det gjeld innhald og opningstider. Ein barnehage av høg kvalitet styrkjer språkutvikling og bidreg til sosial mobilitet. For å oppnå dette må det pedagogiske tilbodet fange opp og støtte dei borna som treng det mest.

Venstre vil:

- Vidareføre inntektsgraderte barnehageprisar.
- Vidareføre gratis kjernetid for låginntektsfamiliar og utvide dette til også å gjelde treåringar.
- Søkje om ei forsøksordning der kontantstøtte blir avvikla i Oslo, og at pengene blir brukte til å finansiere utvida gratis kjernetid og ventestønad til barnehageoppstart.
- Gje syskenmoderasjon til familiar som har born både i barnehage og aktivitetsskule.
- Gje auka norskopplæring i barnehagar i bydelar med høg del skulestartarar med språkutfordringar.
- Ha opne barnehagar som kan tilby pedagogleidd språkopplæring gjennom

- leik og samvær.
- Styrkje fagsentera i bydelane for å få til tidleg innsats overfor born med spesielle behov.
- At testing, kartlegging og byråkrati blir avgrensa til det som bevisleg har positiv effekt på læring og trivsel.
- Likestille private og offentlege barnehagar når det gjeld faglege krav.
- At den einskilde barnehagen skal kunna utvikle eigenarten og den pedagogiske profilen sin.
- Leggje til rette for barneparkar og opne for kveldsopne og døgnopne barnehagar, med maksimal opphaldstid på 40 timar i veka.
- Ha laupande opptak til barnehagar i Oslo.

Kunnskapshovudstaden

Oslo skal ha den beste skulen i landet. Det viktigaste verkemiddelet er å rekruttere og halde på dyktige og engasjerte lærarar som ser kvar einskild elev. Berre ved å satse på læraren vil skulen kunna bli ein god arena for læring og personleg utvikling. Samstundes må vi syte for at læraren si tid fyrst og fremst blir brukt saman med eleven, og at rapportering og byråkrati blir avgrensa til det som er naudsynt. Venstre vil gje skulen gode økonomiske rammer, sikre reelt tilpassa undervisning og setja inn tiltak overfor elevar med spesielle behov tidlegare enn i dag.

Oslo er den viktigaste arenaen i landet for kompetanseutvikling. Kommunen skal bidra til utvikling av høgare utdanning og forskning i Oslo, og mellom anna kartleggje institusjonane sine behov i samband med større byutviklingsprosjekt.

Å satse på læraren er å satse på eleven

Lærarar og skuleleiarar må få tilstrekkeleg fagleg oppdatering og etterutdanning. Dyktige og motiverte lærarar er nykelen til ein god skule.

Venstre vil:

- Vidareutvikle den formelle vidareutdanninga med løn (Lærerløftet Oslo), slik at fleire lærarar og skuleleiarar nyttar seg av dette høvet.
- Rekruttere dei beste lærarane til Oslo.
- Vidareføre Teach-First-programmet og få fleire dyktige nyutdanna lærarar i realfaga.
- Skapa karrierelaup der røynde lærarar kan ha utvida fagleg ansvar på skulen sin.
- Stille strengare krav til lærarane sin kompetanse i faga dei underviser i, slik at alle lærarane på ungdomstrinnet har minimum 60 studiepoeng for å undervise i eit basisfag.
- Halde på lærarar med lang og viktig erfaring gjennom seniortiltak.
- Innføre ei trainee-ordning i Osloskulen for studentar med mastergrad.
- At alle rektorar i Osloskulen skal ha formell skuleleiarkompetanse.

Kutte byråkrati og auke tida med eleven

Nasjonale prøver og anna kartlegging er viktige verktøy for å kunna gje tilbakemelding og fylgje opp den einskilde eleven. Kartlegging og rapportering er likevel ikkje eit mål i seg sjølv, og må innrettast slik at læraren si tid i størst mogleg grad blir brukt med elevane.

Venstre vil:

- Redusere skjemaveldet ved å forenkle rutinane for rapportering i skulen.
- At kartleggingsprøver skal nyttast som pedagogiske verktøy for å gje kvart barn faglege utfordringar på rett nivå.
- Forbetre koordineringa mellom barnevern, skulehelseteneste og skule rundt den einskilde eleven, for å fange opp elevar med utfordringar og for å avlaste lærarane.
- Prøve ut ulike modellar for oppgåvefordeling, der lærarar underviser og andre yrkesgrupper varettek andre funksjonar.

Gode, men ulike skular

Oslos elevar skal kunna velja mellom skular med ulike profilar og pedagogiske arbeidsmetodar. Venstre vil ha ein sterk og god offentleg skule, med private opplæringstilbod som eit supplement. Skulane skal få større fridom til å utvikle eigenarten sin, men i tråd med felles kvalitetskrav.

Venstre vil:

- Prioritere opplæringa i basisfaga.
- Utvide symjeundervisninga frå fjerde klasse, slik at alle lærer å symja før sjuande klasse.
- Oppretthalde obligatorisk undervisning i sidemål med éin karakter for norskfaget, utan eigen karakter for sidemål.
- Styrkje kvaliteten på undervisninga i praktiske og kreative fag.
- Opprette fleire temaskular knytte opp mot fagmiljø, der elevane får høve til å fordjupe seg i sine egne interesser og talent.

Eit lyft for framandspråk

Dei yngste elevane har best føresetnader for å lære nye språk. Venstre meiner fleirspråklegheit er viktig for å lukkast når arbeidslivet blir meir internasjonalt, og vil difor utvide satsinga på framandspråk i Osloskulen.

Venstre vil:

- Innføre obligatorisk andre framandspråk frå femte klasse.
- Søkje om å kunna tilby ytterlegare eitt framandspråk som valfag.
- Ha fleire valmoglegheiter på utvalde skular, i tillegg til tysk, fransk og spansk, derimellom ikkje-europeiske språk som mandarin, urdu, somali, japansk eller arabisk.
- Prioritere etter- og vidareutdanning og nyrekruttering av lærarar i framandspråk.
- Innføre fleire IB-liner.
- Samarbeide med språkmiljøet på universitetet, høgskulen, den tyske og den franske skulen for å få eit breiare tilbod av framandspråkleg undervisning.
- Utvikle skreddarsydd utvekslingsprogram med støtte frå Lånekassa, slik at dei som ynskjer det, kan ta eit år på vidaregåande skular i utlandet.

Ei styrkt fagutdanning

Noreg har stort behov for faglært arbeidskraft, og det gjev grunn til uro at søkjartala til fagutdanninga søkk. Venstre vil gjera yrkesutdanninga meir attraktiv og vera ein pådrivar for fleire læreplassar.

Venstre vil:

- Auke inntaket av lærlingar i kommunen sine verksemder.

- Setja lærlingkrav til verksemdar i offentlege anbudsprosessar.
- Sikre at fagutdanninga har tidsriktig og relevant utstyr.
- At den teoretiske opplæringa i større grad blir yrkesretta.
- Gjera det mogleg å leggje praksis tidlegare i dei yrkesførebuande utdanningsprogramma.
- Styrkje yrkesretteinga i skulen og i større grad knyte henne saman med næringslivet.
- Opne for prøvetid for lærlingar med opplæringsrett for ungdom.
- Ha fleire vardeprosjekt i kommunen, der det blir brukt lærlingar i alle ledd av verksemda.

Fleire elevar skal fullføre og greie vidaregåande

Venstre har høge ambisjonar på vegner av alle elevar, og har som mål å redusere fråfallet frå 25 til 10 prosent. Dette krev ein felles innsats frå heim, stat, kommune, skule og næringsliv, som må starte allereie i barnehagen og barneskulen.

Venstre vil:

- Sikre at dei som treng særskilt tilrettelagd opplæring, raskt får eit relevant tilbod.
- Gjera det mogleg å ta opp fag frå ungdomsskulen.
- Vidareutvikle ordninga med temakurs etter skuletid.
- Opprette mentorordningar på yrkesfagopplæringa.
- Etablere rådgjevarteam på den einskilde skulen, med kompetanse innan spesialpedagogikk, psykologi og karriererettleing.
- Ha fleire lærarar med spesialpedagogisk kompetanse.
- Tilby intensivkurs ved overgangen til vidaregåande skule for dei som treng det.
- Opne for fleire ulike måtar å fullføre vidaregåande skule på – som privatist, som deltidselev, i vaksenopplæring, i kombinasjon med arbeid, over lengre tid enn normert, i mindre grupper.
- Samarbeide med små og mellomstore verksemdar om å tilby jobb til ungdom som står i fare for å droppe ut av vidaregåande skule.

Meir valfridom og tilpassa opplæring

Venstres skulepolitikk legg til grunn at ingen elevar er like, og at elevar og føresette difor må få velja mellom ulike skular med ulike profilar og organiseringar. Ei godt tilpassa opplæring vil gjera elevane meir motiverte og kunna bidra til betre trivsel og betre resultat. Den offentlege skulen skal vera eit godt alternativ for alle elevar, uavhengig av føresetnader, samstundes som spesialskular er eit eigna tilbod for somme elevar.

Venstre vil:

- Gje elevane større moglegheit til å ta fag på høgare nivå.
- Ha fritt skuleval både i grunnskulen og i vidaregåande opplæring.
- Bruke nivådeling i einskildfag der det er føremålstenleg, men halde på klassen som den viktigaste arbeidseininga i grunnskulen.
- Starte eit prøveprosjekt der elevar kan ta vidaregåande skule på kortare tid.
- At resultata frå nasjonale prøver fyrst og fremst skal brukast til å kartleggje elevane sine føresetnader og eventuelle behov for tilrettelagd opplæring, og presenterast på ein måte som gjer at skulane sine resultat og utvikling blir sett i ein større samanheng.

- Bruke dei moglegheitene teknologien gjev til å tilpasse opplæringa og betre læringsutbyttet, utan at han verkar distraherande.
- Gå imot karakterar i barneskulen.
- Ha fleire forsøk med alternative vurderingsformer.
- Syte for at retten til plass på nærskulen er reell, også for elevar med spesielle behov.
- Tilby plass i spesialklasse eller på spesialskule for dei som ynskjer og har behov for det.
- Styrkje PP-tenesta slik at fleire får betre og raskare hjelp.
- Gje ekstra ressursar slik at skulane kan setja inn tiltak overfor elevar med spesielle behov frå fyrste klassetrinn eller så tidleg som råd.
- Syte for gode ordningar for overgangen frå barnehage for born med spesielle behov.

Skulen skal vera ein god stad å vera

Alle Oslos skular skal vera i god fysisk stand, og det skal vera eit godt miljø både inne og utandørs. Skulane skal ha eit godt psykososialt miljø, utan mobbing og diskriminering.

Venstre vil:

- At alle skular skal vera universelt utforma.
- At skulehelsetenesta blir styrkt og gjort lett tilgjengeleg.
- Etablere ei prøveordning med psykolog knytt til skulehelsetenesta.
- Vidareutvikle arbeidet mot rasisme, mobbing og fordomar.
- Styrkje det rusførebyggjande arbeidet ved skulane.
- Sikre nok skuleplassar til å handtere den store elevveksten, mellom anna ved å bygge nye i Bjørvika, Ensjørådet, på Gran og i Bjørneveien.
- Sikre at bygg- og rehabiliteringsprosjekt er i tråd med programmet FutureBuilt.
- Gjera kommunen til ein meir profesjonell bestillar av nye skulebygg gjennom enklare kravspesifikasjonar.
- Vidareføre det systematiske vedlikehaldet av skulebygg.
- Gjennomføre høyring ved endring av skulegrenser og leggje vinn på at grensene blir endra så sjeldsynt som råd.
- Sikre trygge og gode skuleveggar og leggje til rette for at fleire elevar kan sykle til og frå skulen.

Aktivitetsskulen

Aktivitetsskulen (AKS) er eit viktig sosialt og pedagogisk tilbod, og særleg viktig for integrering og språkleg utvikling. AKS skal fyllast med aktivitetar som gjev borna moglegheit for varierte erfaringar, både fysisk, sosialt og kulturelt. Venstre vil leggje til rette for samarbeid om aktivitetstilbodet med frivillige organisasjonar og idrettslag.

Venstre vil:

- Stille krav om at AKS-leiarar har pedagogisk utdanning.
- Innføre syskenmoderasjon i aktivitetsskulen.
- Leggje til rette for frivillige organisasjonar som korps og idrettslag i aktivitetsskulen.
- Vidareføre inntektsgradert betaling i aktivitetsskulen.
- Jobbe for at fleire i bydelar med stor del fleirkulturelle deltek på

aktivitetsskulen.

Elevrettar og -demokrati

Elevar har rett til medverknad og til å bli høyrde, og må sikrast ei mest mogleg rettferdig evaluering av arbeidet sitt. Personvernet til elevane skal varetakast.

Venstre vil:

- Sikre betre kommunikasjon mellom elevrådet, driftsstyret og elevane.
- Styrkje Elev- og lærlingombodet si rolle.
- At også ungdomsskuleelevar skal kunna ta ut politisk fråvær.
- Vidareutvikle ordninga med anonym undervisningsevaluering.
- Ikkje tillate kameraovervaking eller generelle søk med narkotikahund i skuletida.

Studentbyen Oslo

Studentane er viktige for byen. Venstre vil at Oslo skal vera Noregs beste studentby.

God tilgang på studentbustader er naudsynt for å gje like moglegheiter for utdanning til alle. Fleire studentbustader lettar presset i leigemarknaden og bidreg positivt til byutvikling.

Venstre vil:

- Bidra til at alle studentar kjenner seg velkomne og som ein del av byen.
- Sjå utbygging av studentbustader i eit byutviklingsperspektiv.
- Låne bort eigna tomter til SiOs flyttbare modul-studentbustader.
- Innføre enklare reguleringskrav for studentbustader, mellom anna fjerne krav til parkeringsplassar, og ha faste sakshandsamarar.
- Bidra til at SiO når målet om 4 000 nye studentbustader innan 2020, mellom anna ved å tilby billige tomter og utarbeide ein studentbustadstrategi i samarbeid med samskipnaden.
- Forskotele statlege tilskot til studentbustader etter modell frå Stavanger.
- Styrkje kollektiv- og sykkelvegnettet til og mellom dei største studiestadene og studentbyane, og utvide nattbusstilbodet.
- Opprette bysykkelstativ ved dei største studiestadene og studentbyane, som Blindern, Gaustad, Nydalen, Kringsjø, Sogn, Bjølsen og Majorstua ved Chateau Neuf.
- Samordne SiOs velferdstenester og kommunen sine tenester betre.
- Tilby fleire studierelevante deltidsjobbar og praksisplassar i kommunen.

Arbeidserfaring for ungdom

Arbeidserfaring som ferievikar eller ekstrahjelp kan gje mange unge verdifull kompetanse, høve til å byggje nettverk og god innsikt i korleis arbeidslivet fungerer. Kommunen må, som ein stor arbeidsgjevar, bidra til dette.

Venstre vil:

- Arbeide for at fleire kommunale etatar, føretak og bydelar skal tilby sumarjobbar til ungdom.
- Etablere eit eige sumarjobbprosjekt der alle kommunale verksemdar melder inn behov for arbeidskraft som kan utførast av ungdom, og der ledige sumarjobbar blir lyste breitt ut gjennom vårhalvåret.

Ein fleirkulturell og mangfaldig by

Kring 30 prosent av befolkninga i Oslo har innvandrarakgrunn. Mangfaldet gjev både moglegheiter og utfordringar. Venstre vil føre ein heilskapleg integreringspolitikk. Barnehage, skule og arbeid er dei viktigaste arenaene for integrering.

Barnehagar og helsestasjon

Fleirspråklegheit er ein ressurs. Det er likevel eit problem i skulen og arbeidslivet når born og vaksne ikkje har tilstrekkelege norskkunnskapar. I delar av byen er det høg konsentrasjon av born som ikkje meistrar norsk godt nok ved skulestart og treng særskild oppfølging. Venstre vil jobbe for at born får tilbod om styrkt norskopplæring også før skulestart.

Venstre vil:

- At fireårskontrollen blir gjennomført når han skal, og at han blir brukt til å kartleggje språk og sosial utvikling, slik at born som treng ekstra oppfølging, blir fanga opp tidleg.
- Styrkje samarbeidet mellom helsestasjon, PPT, pedagogisk fagsenter og barnehage.
- At barnehagar med høg del fleirspråklege born skal ha ei eiga pedagogstilling med eit overordna ansvar for språkutvikling og sosialt samspel.
- Stille krav til norskkompetanse hjå assistentar og pedagogar.
- Arbeide for auka deltaking i barselgrupper for kvinner med minoritetsbakgrunn.

Skule og språkopplæring

Oslo skal ha den beste skulen i landet for alle, uansett bakgrunn. Skulen spelar ei heilt avgjerande rolle i integreringa, spesielt på skular med høg minoritetsdel. Venstre meiner at Osloskulen må vera tydeleg i formidlinga av verdiar som fridom, likeverd, likestilling, yringsfridom og respekt for andre.

Venstre vil:

- Forsterke norskopplæringa på skular med mange fleirspråklege elevar.
- Gje skular med høg del fleirspråklege elevar auka ressursar til mellom anna fleire lærarar per elev, utvida leksehjelpordning og utvida skulehelseteneste.
- Sikre at religiøse og kulturelle normer ikkje hindrar born i å delta i undervisning, samstundes som det dei religiøse og kulturelle mangfaldet mellom elevane blir respektert.
- Ha eit strengt regelverk for god oppfølging av familiar som tek borna sine ut av skulen.
- Utvide tilbodet om norskopplæring for ungdom og vaksne.
- Utvide tilbodet om språktrening i arbeidstreningsprogram i kommunale verksemder.

Arbeid og møtestader

Dei aller fleste som bur i Oslo, ynskjer å delta i arbeidslivet, og mange av dei som kjem til Oslo, kjem for å jobbe. Likevel er arbeidsløysa blant innvandrarakgrunn høgare enn hjå resten av befolkninga i byen. Det er viktig at Oslo mobiliserer heile arbeidsstyrken, og at alle som bur her, har like moglegheiter til å delta i samfunnet. Venstre vil skapa møtestader slik at vi som bur i byen, har moglegheit til å bli kjende

med kvarandre og knyte fellesskap på tvers av skiljelinjer.

Venstre vil:

- At Oslo kommune skal vera ein arbeidsgjevar som gjev minoritetar gode moglegheiter gjennom ei medviten haldning til rekruttering og tilsetjingar.
- Satse på målretta jobbsøkjarkurs for ungdom.
- Styrkje rådgjevingstenester til arbeidsinnvandrarar.
- Få fleire kvinner med innvandrarbakgrunn i arbeid, mellom anna gjennom mentorordningar, språkopplæring og aktiv rekruttering.
- Støtte frivillige organisasjonar som skaper møteplassar mellom minoritets- og majoritetsbefolkninga.
- Tilby fleire av kommunen sine lokale, som skulebygg, til bruk for frivillige organisasjonar.
- Styrkje skulebiblioteka som integreringsarena.
- Arbeide for ei raskare og meir effektiv godkjenning av utanlandsk utdanning.

Talentbyen

Venstre vil at alle menneske skal få brukt evnene sine, utvikla talenta sine og ha høve til å realisere nye idear. Oslo skal vera ein by der folk både har noko å leve av og noko å leve for. Kommunen skal leggje til rette for nyetablering og kreativitet, og ha som mål å vera blant Europas beste kulturbyar.

Kultur for alle

Oslo skal ha eit fritt, sterkt og sjølvstendig kulturliv. Kunst og kultur har eigenverdi. Venstre vil satse både på talenta og breidda innan alle felt, om det er biletkunst, musikk, dans eller andre kulturuttrykk. Alle skal ha moglegheiter for gode kulturopplevingar, uavhengig av økonomi og bakgrunn.

Eit mangfaldig kultur-Oslo

Det offentlege skal stimulere og oppmuntre til brei kulturell aktivitet. Venstre vil sikre eit mangfaldig og variert kulturliv med plass til både institusjonar og prosjekt.

Venstre vil:

- Styrkje tilskotsordningane til kultursektoren og syte for at kommunen er ein aktiv og føreseieleg samarbeidspartnar.
- Prioritere kulturtilbod til born og unge.
- Auke talet på elevplassar ved Oslo musikk- og kulturskule og vidareutvikle samarbeidet med lokale kor, korps, orkester og rockeklubar.
- Utvikle arenaer for dei som ynskjer eit alternativ til organiserte aktivitetar.
- At kulturen skal ha plass til både profesjonelle og amatørar.
- Sikre fleire lokale til kunst og kultur, mellom anna gjennom utleige av lokale som ikkje er i bruk.
- Styrkje det lokale kulturarbeidet, spesielt gjennom ungdomsklubbane.
- Bygge ut kulturell infrastruktur i takt med utviklinga av byen.
- Støtte etablering av «fotografiets hus» i Oslo.

Borgarane sine bibliotek

Biblioteka i Oslo skal vera borgarane sine bibliotek. Lesarane og litteraturen er grunnpilarane for biblioteket. Brukarane skal vera med på å forme sine lokale bibliotek. Deichmanske bibliotek skal vera moderne og framtidsretta med eit mangfaldig tilbod.

Venstre vil:

- Opne det nye Deichmanske hovudbiblioteket i Bjørvika i 2019.
- Utvide opningstidene, mellom anna ved bruk av sjølvtekte bibliotek.
- At filialstrukturen i hovudsak skal vidareførast.
- Gjera skulebiblioteka til ein del av Deichmanske bibliotek, for å skapa betre tilbod for elevane og eit større fagmiljø for skulebibliotekarane.
- Ha forsøk med sjølvtekte skulebibliotek på kveldstid.
- Gje biblioteket meir ressursar til formidling av nye medium og til å ta i bruk ny teknologi.
- Opprette ein eigen barne- og ungdomsfilial på Tøyen og støtte arbeidet med «Fremtidens bibliotek» på Furuset.

Museum og teater

Som hovudstad har Oslo eit ekstra ansvar for forvaltinga av viktige kulturinstitusjonar som tiltrekkjer seg både egne innbyggjarar og norske og utanlandske tilreisande.

Venstre vil:

- Ferdigstille det nye Munchmuseet og Stenersensamlinga i Bjørvika.
- Oppretthalde Oslo Nye Teater som byens eige teater.
- Bevare og sikre Vigelandsparken og -museet for ettertida.
- Vera ein pådrivar for bygging av nytt veksthus på Tøyen.
- Realisere det planlagde Vitensenteret på Tøyen.
- Gjera kulturtilboda i Oslo meir attraktive for ungdom, til dømes ved gratis inngang ved spesielle høve.

Trussamfunn og kyrkjebygg

Trussamfunna er ein viktig del av frivilligheita i Oslo, og Venstre vil syte for at dei kan halde fram med å spele ei sentral rolle i nærmiljøet og ved viktige hendingar i og utanfor familielivet. Trussamfunna må handsamast likeverdig, og den kommunale støtta må fordelast etter objektive kriterium.

Venstre vil:

- Støtte trussamfunna si rolle som fellesskap og arena for frivilligheita.
- Ha fleire livssynsnøytrale seremonirom i Oslo.
- Ha rom for ulike trussamfunn i byen.
- Sikre tilstrekkeleg tal på gravplassar, også for ikkje-kyrkjelege gravferder.
- Leggje til rette for at kyrkjer som er lite besøkte, kan brukast til kulturelle arrangement.
- At kyrkjene i byen blir haldne ved like og sikra mot brann.

Ein attraktiv næringsby

Den sterke folkeveksten i Oslo gjer det både mogleg og naudsynt med ein tilsvarande vekst i verdiskaping, næringsliv og arbeidsplassar. Flest mogleg må bidra og lukkast i arbeidslivet. Den næringspolitiske innsatsen skal målrettast mot kunnskapsarbeidarar, kreative næringer og entreprenørar, for å tiltrekkje talent, etableringar og investeringar. Kommunen skal yte god service og leggje opp til gode, stabile og langsiktige rammevilkår for næringsverksemd.

Kunnskapsbasert gründer- og næringsverksemd

Oslo er den fremste kunnskapsbyen i landet. Kontakten mellom utdanningsinstitusjonane og næringslivet må styrkjast. Saman med auka internasjonalt samarbeid vil dette bidra til at fleire verksemdar etablerer seg i Oslo. Venstre ynskjer å gjera det enkelt og attraktivt å starte nye verksemdar i Oslo. Det offentlege innkjøpsreglementet og dagens praktisering av dette er i mange tilfelle eit hinder for handel mellom Oslo kommune og små og nye verksemdar. Samstundes veit vi at ein stor del av innovasjonen skjer i nettopp slike verksemdar. Kombinert med det offentlege si vekt som kunde gjer dette at det blir færre nyetableringar og nye verksemdar som overlever den fyrste, avgjerande tida. Oslo Venstre vil gjennomgå innkjøpsreglementet med sikte på å auke handelen mellom kommunen og små, nye og innovative verksemdar.

Venstre vil:

- Gå gjennom innkjøpsreglementet og korleis kommunen praktiserer av det, med tanke på innovative innkjøp, betre konkurranse og mindre detaljerte kravspesifikasjonar.
- Etablere fleire by-til-by-samarbeid og business-til-business-samarbeid.
- Profilere Oslo-regionen internasjonalt som ein attraktiv næringsregion.
- Styrkje samarbeidet mellom kommunen, utdanningsinstitusjonane, forskning og næringsliv.
- Støtte samarbeid mellom skulen, næringslivet og leiande innovasjons- og læringsmiljø, til dømes ved nye Hersleb videregående skole, Kuben Yrkesarena og Blindern videregående skole.
- Utvide lektor 2-ordninga slik at fagpersonar i arbeidslivet blir knytte til skulen og dimed tilfører kompetanse som går utover lærarane sine fagplanar.
- Etablere eit tilbod med opplæring i innovasjon og gründerverksemd i Osloskulen.
- Delta i EU-prosjekt for innovasjon og entreprenørskap, særleg berekraftig og grøn vekst.
- Vidareutvikle det internasjonale grunnskuletilbodet.
- Etablere «Invest in Oslo» for å tiltrekke investeringar og etableringar i regionen.
- Ta omsyn til næringslivet sine behov i areal- og reguleringsplanar.
- Byggje ut fibernett.
- Vidareutvikle kommunen sine gründerkurs og mentorordningar.
- Støtte opp om fleksible kontorleigeordningar og deling av utstyr og teknologi.
- Arbeide for at det blir gjeve betre tilgang til risikovillig kapital for gründerar.
- Arbeide for at Innovasjon Noreg skal gje støtte basert på kvalitet, ikkje geografi.

Redusert byråkrati for borgarar og verksemdar

Offentleg byråkrati kostar næringslivet store summar kvart einaste år. Venstre er opptekne av at tidsbruken som går med til utfylling av skjema og handtering av byråkrati, blir redusert mest mogleg. Eit slikt forenklingssarbeid må gjerast i heile kommunen.

Venstre vil:

- Ta initiativ til prosjekt og tiltak for at Oslo kommune gjev god service og har låg sakshandsamingstid i kommunale etatar.
- Rydde opp i kommunale forskrifter, unauddsynlege skjema og rapportar, og fjerne dobbeltarbeid.
- Etablere digital kommunikasjon som den primære kanalen for dialog mellom kommunen og innbyggjarar og næringsliv.
- Integre alle kommunen sine sakshandsamingssystem med staten si løysing for digital post.
- Gjera kommunen sitt servicekontor betre for brukarane gjennom lengre opningstider og fleire elektroniske sjølvteningsløysingar.
- Gjera informasjon lettare tilgjengeleg for minoritetsspråklege, både digitalt og på papir.
- Gjera Oslo til ein føregangskommune for deling av offentlege data.

Destinasjon Oslo

Oslos internasjonale posisjon som konsert-, kultur-, turist- og kongressby og vertskapsby for idrettsarrangement skal styrkjast.

Venstre vil:

- Styrkje profileringa av Oslo som reisemål.
- Bruke utviklinga og veksten i Oslo-regionen til å framheve byen som kunnskaps-, miljø-, og kulturhovudstad og attraktiv besøks- og næringsregion.
- Støtte VisitOslo som Oslos offisielle reiseguide og marknadsføringsselskap.
- Vidareutvikle Oslo som ein attraktiv festival- og kulturby, med eit mangfaldig tilbod av høg kunstnarisk kvalitet.
- Leggje til rette for arrangement som trekkjer eit internasjonalt publikum.
- Etablere eit nytt og større kongressenter i Oslo.

Serveringsnæringa

Utelivet er ein viktig del av kvar ein storby, og noko av det som gjer Oslo til ein spanande og god by å bu i.

Venstre vil:

- Sikre seriøse aktørar langsiktige, stabile og gode rammevilkår.
- Kjempe mot useriøse utelivsaktørar, mellom anna gjennom systematiske kontrollar.
- Utvide skjenkjetidene og opne for meir differensierte opningstider basert på kulturell profil, avstand til bustadområde, og liknande.
- Gjera forsøksordninga med lokalt fastsette opningstider permanent.
- Vidareføre samarbeidet med politiet og skatte- og avgiftsstyresmaktene for å avdekkje økonomisk kriminalitet og brot på føresegner om arbeidsmiljø og HMS.
- Arbeide mot diskriminering i utelivet, slik at utelivet i byen er inkluderande og tilgjengeleg.
- Utvide samarbeidsprosjektet SALUTT (Sammen lager vi utelivet tryggere) til å gjelde heile byen.

Aktiv by

Oslo skal vera ein levande og aktiv by. Venstre vil leggje til rette for frivilligheit, idrett og friluftsliv i heile byen, og bidra til å fremja ein sunn livsstil hjå befolkninga.

Gode rammer for frivilligheit

Frivilligheit bidreg til eit samfunn der einskildpersonar kan delta etter sine egne føresetnader, til beste for seg sjølve og andre. Kommunen skal motivere til frivilligheit ved å gje gode og føreseielege rammer, både økonomisk og organisatorisk.

Venstre vil:

- Styrkje kommunen si økonomiske støtte til frivillige organisasjonar.
- Gjera det enklare å drive frivillige organisasjonar.
- Tilby fleire av kommunen sine lokale til bruk av frivilligheita.
- Satse spesielt på frivillige organisasjonar for ungdom.
- Gjera skulane til lokale kulturbygg ved å samlokalisere nye idretts- og nærmiljøanlegg med skuleprosjekt, og byggje fleirbrukshallar, gymsalar og samlingslokale som varetek behova for idrett, lag og foreiningar, privatundervisning og kulturaktivitet.

Ein allsidig idrettsby

Idrett er leik, sosial aktivitet, dugnad, konkurranse og folkehelse. Det er eit mål at fleire deltek i både organisert og uorganisert aktivitet. Alle som ynskjer å drive idrett og fysisk aktivitet i Oslo, må få høve til det.

Idrett for alle

Kommunen har ansvar for at det finst gode kommunale idrettsanlegg som gjev eit breitt tilbod til små og store idrettar. Kommunen bør samarbeide med andre aktørar ved å gje tilskot og garantiar til idrettslag som ynskjer å byggje eller rehabilitere egne anlegg. Moglegheitene for rekreasjon og naturopplevingar i nærmiljøet er viktige. Friluftsområda motiverer til allsidig aktivitet.

Venstre vil:

- Utvikle ny ishall på Jordal, skøytehall på Valle Hovin, Grønmo som idrettsområde, idrettspark på Mortensrud, multihall i Groruddalen og vidareutvikle Wyllerløypa og Grefsenkollen.
- Prioritere areal til idrett i samband med store utbyggingar.
- Som hovudregel byggje fleirbrukshallar når skular blir bygde eller rehabiliterte.
- Halde fram med å byggje nye fleirbrukshallar, mellom anna Grorud idrettspark, på Lambertseter, Leirskallen, Årvoll, Korsvoll og Dælenenga, ferdigstille idrettsparkar på Voldsløkka og Frogner, i tillegg til nye hallar på Haugerud og Mortensrud.
- Etablere fleire nye kunstgrasbaner og isflater for skøyteleik og bandy.
- Ruste opp og utvikle eksisterande skianlegg, mellom anna Skullerud og Lillomarka skianlegg.
- Ruste opp tennisanlegg.
- Etablere cricketbane med internasjonale mål som ein del av Mortensrud

idrettspark.

- Tilby areal til innetrening for idrettar som ikkje er prioriterte for tid i hallane.
- Byggje anlegg til uorganiserte aktivitetar, som turstiar, lysløyper, sykkelstiar, balløkker, rullerulleskitrasear og ulike nærmiljøanlegg.
- Etablere avlastingstrasear i område med stor og variert bruk, til dømes Sognsvann–Ullevålseter.
- Utvikle fleire anlegg for skaterar i Oslo.
- Samarbeide med næringsliv, bustadbyggjelag og andre om bygging og rehabilitering av idrettsanlegg.
- Etablere ordningar med kommunalt tilskot til prioriterte anlegg i regi av idrettslag.
- Vidareføre tilbod om gratis trening for born og unge i kommunale anlegg.
- At Oslo skal kunna vera vertsby for store nasjonale og internasjonale idrettsarrangement, ved at Oslos hovudarenaer tilfredsstillar krav til gjennomføring av toppidrettskonkurransar.
- Stimulere private utbyggjarar til å til dømes etablere idrettsareal på større tak gjennom langsiktige leigeavtalar.
- Leggje stor vekt på idretten sine prioriteringar av nye idrettsanlegg.
- Byggje fleire idrettsanlegg i indre by.

Bad for idrett og borgarar flest

Oslo skal ha eit godt badetilbod for idrett, symjeopplæring, pasientbehandling, mosjon og lek.

Venstre vil:

- Byggje eit nytt hovudbad etter internasjonale standardar på Tøyen innan 2018.
- Byggje tre områdebad, eitt på Stovner, eitt i nord/vest og eitt i aust/sør, innan 2026.
- Etablere dei nye bada ved sentrale kollektivknutepunkt.
- Gjennomgå eksisterande bad og rehabiliterer dei mest attraktive.
- Utvide opningstida på kommunale bad.
- Oppretthalde eksisterande bad til nye tilbod er på plass.
- Leggje til rette for nye private bad.
- Ha varmtvassbasseng til terapiføremål heile året.

Folkehelse

Ein god barnehage, ein god skule, eit inkluderande arbeidsliv og deltaking i frivillig aktivitetar er viktig for helse. I tillegg treng somme målretta tiltak. For å fremja helse og førebyggje framfor å behandle, må helsestasjonane og lågterskeltilboda styrkjast. Frisklivssentralane skal bli tverrfaglege kompetansesenter for helsearbeid i bydelane.

Venstre vil:

- At kvar bydel skal ha ein tverrfagleg folkehelseplan.
- Ha eit variert aktivitetstilbod for både friske eldre og eldre i institusjon.
- At frisklivssentralane skal fungere som ei informasjons- og rådgjevingsteneste for alle som har behov for det.
- Styrkje helsestasjonane i byen og ha helsestasjon for ungdom i alle bydelar.
- Rekruttere psykologar og helsesystrar med spesialkompetanse til

helsestasjonar for ungdom for å få eit godt lågterskeltilbod innan psykisk helse.

- Tilby oppfølging av over- og undervekt hjå born og gravide ved helsestasjonane.
- At helsestasjonane skal kunna tilby rettleiing med jordmor og/eller helsesyster heime, både under svangerskap og i barseltida.
- At alle gravide skal tilbydast regelmessig oppfølging hjå jordmor og ekstra rådgjeving og oppfølging ved behov.

Trygg by

Oslo skal vera ein trygg by. Det føreset eit trygt bymiljø, god vernebuing og at borgarane kan vera sikre på at dei får naudsynt hjelp i kvardagen. Helse- og omsorgstilbodet til Oslo kommune skal vera innbyggjarane sitt tryggingsnett.

Eit godt helsetilbod

Oslo skal ha eit helsetilbod av god kvalitet. Det krev satsing på kompetanse hjå dei tilsette og på eit variert og tilpassa tilbod for ulike brukarar.

God fagleg kvalitet og samhandling

For å sikre eit godt tilbod for innbyggjarane må kommunen stille krav til det helsetilbodet som blir gjeve ved sjukehusa. Oslo må gå føre ved å byggje sterke fagmiljø og samarbeide med staten, også i å forme det nasjonale helsetilbodet.

Venstre vil:

- Sikre sjukehusstilbodet i Oslo-regionen med god kvalitet og tilstrekkeleg tal på sjukehusplassar når befolkninga aukar.
- Ha eit godt tilbod om tidleg rehabilitering etter sjukehusopphald for å sikre at menneske kjem raskare tilbake til kvardag og eigen bustad.
- Styrkje fysioterapitenesta og rehabiliteringa.
- Stille krav til spesialisthelsetenesta om gode tenester, og vera ein aktiv samarbeidspartnar i samband med omorganiseringar.
- Arbeide for eit nytt lokalsjukehus sør eller aust i Oslo, og at Aker blir vurdert som plassering.
- Auke kapasiteten i tannhelsetenesta.
- Styrkje bydelsoverlegane si rolle som medisinskfagleg leiar for helse- og omsorgstenestene på bydelsnivå.
- Utarbeide modellar for auka samarbeid og kompetanseoverføring, til dømes mellom forsterka korttidsavdelingar og sjukehusa.

Akutte helsetenester

Legevakta er viktig for tryggleiken til folk. Ho yter naudsynt helsehjelp, sosialfagleg bistand og pleie- og omsorgstenester til personar som har eit akutt behov. Det er viktig å oppretthalde tilstrekkeleg kapasitet både innan fysisk og psykisk helse.

Venstre vil:

- Utvide kapasiteten ved legevakttilbodet på Aker.
- Opprette ein eigen barneseksjon ved legevakta på Aker og vurdere moglegheita for å inkludere spesialistar i barnesjukdomar i bemanninga.
- Styrkje overgrepsmottaket.
- Arbeide for å samlokalisere kommunale akutte døgnplassar med ei ny, framtidig storbylegevakt.

Psykisk helse

Mange opplever psykiske plager i kortare eller lengre periodar. Hjelpetilbodet må vera breitt, allsidig og gjera det mogleg å fungere i eige nærmiljø.

Venstre vil:

- Opprette eit lågterskel psykologtilbod med statleg tilskot i kommunehelsetenesta, der det skal vera råd å få behandling utan tilvising.

- Ha eit nært samarbeid mellom kommune- og spesialisthelsetenesta.
- Gje tilbod om bustad med tilsyn til alle som treng det av helsemessige grunnar.
- Ha tilbod om samtale med psykiatrisk sjukepleiar i kvar bydel, gjerne organisert i tilknytning til frisklivssentral eller helsestasjon.
- Ha tilstrekkeleg bemanning av psykiatriske sjukepleiarar i eldreomsorga.
- Støtte arbeidet til Fontenehusene.
- Arbeide for gode støttetilbod for pårørande.

Rusomsorg

Alle som slit med rusavhengigheit, anten det gjeld alkohol, medikament og/eller narkotika, skal få tilbod om hjelp. Rusavhengigheit er eit stort sosialt problem, og kommunen må førebyggje at born og ungdom får rusproblem.

Venstre vil:

- Førebyggje rusavhengigheit i alle delar av kommunen si verksemd.
- Sikre behandling for alle som ynskjer å bli rusfrie.
- Ha ei samanhengande behandling frå akuttavrusing til rehabilitering.
- At alle som har vore til avrusing, skal få tilbod om vidare behandling innan 24 timar.
- Samarbeide med spesialhelsetenesta for å sikre nok plassar for akuttavrusing.
- At kommunen samarbeider med ideelle organisasjonar og private institusjonar.
- Sikre god dekning av ambulerande team i rusomsorga.
- Spreie bustader for rusavhengige i mindre einingar enn dagens hybelhus og tilstrekkeleg tal på tilrettelagde bustader med naudsynt tilsyn.
- Opprette eigne sjukeheimsavdelingar for rusavhengige.
- Ta vare på og støtte pårørande.
- Ha ei god og heilskapleg oppfølging av LAR-pasientar.
- Utvide lågterskeltilbodet LASSO for utdeling av buprenorfin, som Subutex.
- Gjera sprøyterommet døgnope og innføre moglegheit for bruk av andre stoff enn heroin på sprøyte, mellom anna røykerom for heroin.
- Søkje om eit prøveprosjekt for heroinassistert behandling for dei tyngste brukarane.
- Dele ut nalokson-nasespray til rusavhengige for å hindre overdosedødsfall.
- Styrkje utdanningstilbodet gjennom Kirkeveien videregående skole og ved å gje eit breiare tilbod om yrkesutdanning.
- Ha eit godt tilbod om ettervern til tidlegare rusavhengige.

Migrasjonshelse

Alle som oppheld seg i Oslo, har rett til eit akutt helsetilbod. Alle som bur i byen over lengre tid, bør også ha rett til fastlege. Nykomne flyktingar og andre innvandrarakar kan ha helseutfordringar som krev spesialisert hjelp. Venstre ynskjer å auke kompetansen på migrasjonshelse i fyrstelinetenesta.

Venstre vil:

- Sikre papirlause migrantar tilgang til helsetenester.
- Arbeide for at flyktingar og asylsøkjjarar får lik tilgang til helsetenester som andre.

- Vidareutvikle migrasjonshelsesenteret til ei kompetanseveining for helsepersonell i bydelane.

Ein god alderdom for alle

Oslo skal vera ein god by for eldre borgarar. Kommunen må leggje til rette for at alle kan vera sjølvhjelpete så lenge som råd. Eldreomsorga skal ta omsyn til den mangfaldige samansetjinga av eldrebefolkninga, og gje eit godt og variert omsorgstilbod.

Aktiv alderdom

Mange eldre har god helse og lever aktive liv. Eldre skal møtast med respekt og gjevast høve til å bruke evnene sine i ulike roller i samfunnet.

Venstre vil:

- Gje tilsette i kommunen høve til å arbeide til dei er 72 år.
- Gjennomgå særaldersgrenser slik at eldre kan stå lenger i jobb.
- Arbeide for at eldre kan bidra med frivillig innsats.
- Samarbeide med organisasjonar som legg til rette for ein aktiv og meningsfylt alderdom.

Eit variert tilbod for heimebuande

Helsetilstand og bustadsituasjon gjer at fleire enn tidlegare greier å bu heime lenger, noko dei fleste også ynskjer. Gode treningstilbod for eldre er til fordel for den einskilde og samfunnet.

Venstre vil:

- Styrkje heimetenesta, kvardagsrehabilitering og trening.
- Gjera det enklare å tilpasse eigen bustad gjennom tilskotsordningar og rettleiarar.
- Fremja bruk av velferdsteknologi i heimane til brukarar av heimetenesta og gjera dette ålment tilgjengeleg gjennom brukarbetaling.
- Leggje til rette for ulike bufellesskapar og sjølvveigarløysingar tilpassa eldre.
- Etablere eit butilbod for personar i tidleg fase av demens, gjennom mindre bugrupper forvalta av bydelane.
- Sikre seniorsenter, dagsenterplassar, frisklivs- og frivillighetssentralar.
- Utvide støttekontaktordninga for eldre.
- Kartleggje kva ynske og behov eldre har for omsorgstenester.
- At eldre og andre brukarar framleis skal kunna velja leverandør av heimeteneste.

Sjukeheimplassar og Omsorg+

Alle som treng pleie og omsorg, skal få eit tilbod som held høg kvalitet og med rett omsorgsnivå. God og sunn mat må vera ei sjølvfylgje. Tilsette på sjukeheimar og i heimetenesta må ha gode språkferdigheiter.

Venstre vil:

- Rehabilitering og fornye halvparten av sjukeheimplassane i byen innan 2023.
- Oppretthalde eit tilstrekkeleg tal på sjukeheimplassar, sambugarantien og moglegheita for at alle som ynskjer det, får einerom.
- Oppretthalde ei blanding av offentleg, privat og ideelt drivne sjukeheimar.
- Kjøpe inn og regulere tre til fire eigna reservetomter til framtidig bruk når

- behovet aukar for sjukeheimar og Omsorg+.
- Intensivere satsinga på velferdsteknologi i sjukeheimar.
- Ha spesialiserte korttidsavdelingar/intermediæreiningar i dei komande helsehusa.
- Utvide talet på Omsorg+-bustader til 1 500 innan utgangen av perioden.
- Opprette eit leiarprogram for sjukeheimsleiing.
- Betre den faglege styringa av sjukeheimane og auke delen faglærte.
- Gjera Sykehjemsetaten til ei kompetanseining med medisinskfagleg fokus, til dømes underlagd Helseetaten, for å redusere byråkrati og styrkje samarbeidet mellom bydelane og etaten.

Kompetanselyft i helse- og omsorgssektoren

Helse- og omsorgssektoren er meir kompleks enn for berre få år sidan. Vi treng nok hender og meir kunnskap hjå dei tilsette for å løyse alle naudsynte oppgåver. Det gjev også tryggleik og godt arbeidsmiljø.

Venstre vil:

- Ha fleire undervisningssjukeheimar og bruke desse for å auke kompetansen ved alle sjukeheimsavdelingar.
- Satse på rekruttering av og kompetanseutvikling for sjukepleiarar.
- Ta initiativ til eit program for kompetanseutvikling for sjukeheimslegar, i samarbeid med Helsedirektoratet og Legeforeningen.
- Auke legedekninga ved sjukeheimane.
- Styrkje den tverrfaglege kompetansen med mellom anna fysioterapeutar, spesielt ved forsterka korttidsavdelingar/intermediæreiningar.

Utsette grupper

Oslo skal vera ein raus og inkluderande by med plass til alle. Det tyder at kommunen må ha eit godt tilbod som tek vare på dei som treng det mest.

Fattigdom

Venstre vil redusere fattigdom. Vi vil forenkle dagens støtteordningar og sikre god, individuell behandling og oppfølging.

Venstre vil:

- Utvide tilbodet om arbeidstrening og vaksenopplæring.
- Gje alle som treng omfattande tenester frå det kommunale hjelpeapparatet, høve til å delta i utforminga av sin eigen individuelle plan.
- Utvide bruken av kommunal bustøtte til dei som leiger privat.
- Gje barnefamiljar som treng kommunal bustad, tilbod i barnevenlege bustadområde.
- Sikre at menneske med låg buevne får tilpassa og verdige buforhold.
- Tilby gjeldsrådgeving.
- Opprette fleire spesialtilpassa bustader for vanskelegstilte.
- Bevare dei frie rettshjelpiltaka i byen.
- Ha økonomisk sosialhjelp som eit reelt tryggingnett for vanskelegstilte.

Barnevern

Alle born har rett til ein trygg og god oppvekst. Samfunnet må trå til når foreldre og nettverka deira ikkje maktar omsorgsoppgåva. Barnevernet er viktig for

rettstryggleiken for born, og for å sikre at alle får like moglegheiter.

Venstre vil:

- Rekruttere fleire fosterfamiliar og tilsynsførarar, mellom anna gjennom auka marknadsføring.
- Ha barnevernskontakt på alle skular.
- Senke terskelen for å gje uromelding til barnevernet, med ein særleg innsats retta mot barnehagar og helsestasjonar.
- Ha godt ettervern fram til fylte 23 år.
- Gjennomføre brukarundersøkingar for ettervernet.
- Etablere eit brukarråd for barnevernstenesta.
- Styrkje tilliten til barnevernet, også i minoritetsbefolkninga.
- Styrkje opplæringa og oppfølginga av fosterforeldre.
- Styrkje barnevernet sin internkontroll og tilsynsfunksjonen.
- Styrkje Barne- og familieetaten si rolle som byomfattande ressurscenter for barnevernstenesta.
- Halde på Oslo-modellen, der kommunen har ansvaret for heile barnevernet.
- Gå gjennom finansieringsmodellar for tunge barnevernstiltak utanfor heimen.
- Opprette ein institusjon for born som treng både omsorg og psykiatrisk behandling.

Menneske med nedsett funksjonsevne

Samfunnet har eit spesielt ansvar for å syte for at menneske med nedsett funksjonsevne kan leve gode og frie liv, slik at dei kan få brukt ressursane sine og fungere på best mogleg måte i kvardagen.

Venstre vil:

- Byggje fleire bueiningar i privat eller ideell regi, innanfor Husbankens retningslinjer.
- Prioritere at menneske med utviklingshemjing får høve til å arbeide, til dømes i verksemder med varig tilrettelagde arbeidsplassar (VTA-verksemder).
- Sikre rett til å velja nærskulen.
- Ha gode avlastingsordningar for familiar.
- Gjera anbudsprosessane for individuelle hjelpetiltak meir langsiktige.
- At brukaren eller næraste pårørande skal kunna delta i utforminga av anbod.
- Sikre godt tilbud om brukarstyrt personleg assistent (BPA), med fritt brukarval.

Vald og overgrep i nære relasjonar

Vald og overgrep skaper grunnleggjande utryggleik og reduserer livskvaliteten for menneska. I tillegg til dei fysiske skadane er dei psykiske helseskadane ofte store. Når overgrepet blir utført av ein nærstående person, blir desse konsekvensane forsterka.

Venstre vil:

- Styrkje det førebyggjande arbeidet mot vald i nære relasjonar og syte for at tiltaka er samordna.
- Styrkje arbeidet mot seksuelle overgrep.
- Ta initiativ til eit prosjekt for kartlegging og behandling av unge som gjer seksuelle overgrep mot andre born og unge.

- Syte for tidleg innsats frå barnevernet ved mistanke om vald og overgrep i familien.
- Arbeide for at politiet prioriterer familievaldscoordinatorar.
- Sikre tilpassa butilbod for personar som kjem ut frå krisesenter.
- At samarbeidsavtalen mellom Oslo krisesenter og barnevernstenestene i bydelane blir fylgde opp, og at born som lever i ein valdssituasjon, får naudsynt hjelp.
- At alle bydelar skal prioritere arbeidet mot vald i nære relasjonar.
- At bruk av urosamtalen held fram og blir utvikla.

Prostitusjon

Dei som sel seksuelle tenester, har eit spesielt behov for eit godt fysisk og psykisk helsetilbod. Venstre meiner det også må finnast tilbod til dei som ynskjer å koma ut av livssituasjonen sin, både rådgjeving og hjelp til arbeid eller utdanning.

Venstre vil:

- Sikre gode lågterskeltilbod for menneske som lever av prostitusjon, og god oppfølging av dei som vil ut av prostitusjon, mellom anna gjennom eit godt helse- og rådgjevingstilbod.
- Utarbeide ein forsterka handlingsplan mot prostitusjon.
- Bevara PRO-senteret.
- Oppheve forbodet mot kjøp av seksuelle tenester.
- Trappe opp den sosiale innsatsen overfor dei som sel seksuelle tenester.
- At politiet sin innsats mot menneskehandel og hallikverksemd ikkje skal råke dei som sel seksuelle tenester, til dømes ved at leigeforhold blir oppsagde.
- At det skal skiljast mellom prostitusjon under tvang (menneskehandel) og frivillig sexarbeid.

Fattige tilreisande

Økonomiske nedgangstider og aukande arbeidsløyse gjer at mange EØS-borgarar kjem til Oslo for å freiste finne seg eit levebrød. Oslo skal vera ein by med plass til alle, som møter sosiale problem med sosiale verkemiddel framfor politimakt og forbod. Venstre vil ikkje at parkar, torg og møteplassar skal kverretjast av menneske som er komne til byen utan nokon stad å bu. Alle må fylgje dei same reglane for åtferd i det offentlege rommet.

Venstre vil:

- Gå imot alle former for tiggeforbod i Oslo.
- Støtte frivillige organisasjonar sine tilbod om akuttovernatting til heimlause tilreisande.
- Styrkje frivillige organisasjonar si arbeidsformidling og rådgjevingstenester til fattige tilreisande.

Flyktingar og asylsøkjjarar:

Mange av flyktingane og asylsøkjjarane som kjem til Noreg, bur i Oslo. Ein liten del av desse er såkalla «papirlause» og lever utan lovleg opphald i Noreg. Born må ha høve til sosialisering og leik uavhengig av opphaldsstatusen til foreldra.

Venstre vil:

- At Oslo skal ta ansvar for å busetja sin del flyktingar.
- At også born av familiar som har fått avslag på opphald, skal ha eit tilbod om

barnehage, leikefasilitetar, helsehjelp med meir så lenge dei oppheld seg i landet.

Trygt byliv

Venstre er opptekne av å få alle gode krefter til å spele på lag i kampen mot utryggleik. Vi vil ha gode byrom og syte for trygg transport også om natta.

Kriminalitetsmotarbeiding

Låg kriminalitet er viktig for at Oslo framleis skal vera ein god by å bu i. Oslo skal framleis vera ein av storbyane i Europa med lågast kriminalitet, og det er viktig at innbyggjarane i byen kjenner seg trygge i kvardagen.

Venstre vil:

- Vidareføre og styrkje det kriminalitetsførebyggjande SALTO-samarbeidet mellom Oslo kommune og Oslo politidistrikt.
- Utvide tryggleiksindeksen til å omfatte fleire bydelar og bruke denne for å kartleggje kvar det er behov for tryggingstiltak og målretta innsats.
- Vidareføre gatemeklingsprosjektet.
- Ta initiativ til at vaktmannskap som sikrar Stortinget, regjeringskvartalet, slottet og Akershus festning, også patruljerer kringliggjande område.

Trygt natteliv

Å lyse opp gater og vegar, offentlege plassar og byrom er avgjerande for tryggleiken på kvelds- og nattestid. Oslo kommunes ordning med eigne Oslo-vakter er eit viktig supplement til politiet si patruljering. Kollektivtransport på kvelds- og nattestid skal vera rask, effektiv og enkel. Venstre har sytt for kraftig utviding av nattbusstilbodet og at takstane er dei same heile døgnet, og vil utvide tilbodet. I tillegg vil Venstre ha fleire avgangar på det skjenegåande kollektivnettet.

Venstre vil:

- Forsterke ordninga med Oslo-vakter og utvide det geografiske verkeområdet til også å omfatte viktige ferdsléarar utanfor indre by.
- Framleis støtte natteramnordninga.
- Opprette fleire nattbusliner.
- Opprette fleire bybusliner som går døgnet rundt alle dagar.
- Utvide gateljostiltak til viktige ferdsléarar for gåande og syklende utanfor sentrum, også i ytre by.
- Bruke gateljøs for å redusere talet på område som blir opplevde som utrygge.

Vernebuing

God vernebuing er viktig for å redusere risiko og førebyggje uynskte hendingar, i tillegg til å kunna gje innbyggjarane i byen hjelp i tilfelle katastrofar, større ulukker, akutt forureining, brannar, pandemiar eller terror.

Venstre vil:

- Ha god kommunal krisehandteringskapasitet.
- Syte for god tverrfagleg evaluering, forbetring og effektivisering av tryggleikssystem og -prosessar.

- Vidareføre og forsterke vernebuingsamarbeidet med nabokommunane.
- Etablere god kommunikasjon mellom vernebuingsetatane og tryggleiksstyresmaktene.
- Førebyggje hendingar gjennom forsterka tilsynsarbeid, sikring av sårbar infrastruktur og fleire øvingar.
- Stille krav om risikoreduserande tiltak på Sydhavna (Sjursøya).
- Prioritere sivile vernetiltak, særleg på skular og barnehagar.
- Skifte ut utdaterte køyretøy og gammalt utstyr i Brann- og redningsetaten.
- Sikre murgårdsbusefnaden mot brann.
- Samarbeide med staten om terrorsikring i sentrum.
- Bevare ein framleis open by med gode tryggingstiltak.

Borgerane sin by

Oslo skal vera ein nyskapande og moderne servicekommune der tilbodet til borgarane står i sentrum. Sakshandsamingstider skal reduserast og søknadsprosessar forenklast.

Hovudstad og regionalt sentrum

Oslos status som hovudstad gjev plikter og ansvar. Det inneber samarbeid med staten om funksjonar og investeringar. Oslo er også eit regionalt sentrum, og bør ta leiinga i utviklinga av austlandsregionen for å leggje til rette for ei kollektivbasert, grøn og berekraftig utvikling. Som den største byen i landet kan Oslo gjennomføre forsøksordningar og tiltak på område som enno ikkje er blitt nasjonal politikk.

Venstre vil:

- Utvikle dagens samarbeid med Akershus om areal- og transportplanlegging til eit forpliktande samarbeid med alle kringliggjande kommunar og fylke på det sentrale austlandsområdet.
- Ta initiativ til ei ny nasjonal storbymelding med ein eigen regionstrategi.
- Arbeide for at samferdsletiltak som bidreg til god logistikk i pressområde, blir prioriterte, inkludert InterCity-togsatsing.
- Greie ut ulike alternativ til kommunesamanslåingar i Oslo-regionen saman med nabokommunane.

Sterkare bydelar

Oslo er i dag delt inn i 15 bydelar, som gjev gode tilbod nær borgarane, på ein meir kostnadseffektiv måte enn sentrale einingar. Venstre vil gje bydelane fleire oppgåver, meir ansvar og større avgjerdsrett.

Venstre vil

- Oppretthalde bydelsutvala som folkevalde organ med direkteval.
- Sjå på organiseringa av kommunen for å flytta flest mogleg avgjerder nærast mogleg borgarane og at fleire oppgåver blir overførte til bydelen.
- Opne for å endre bydelsinndelinga til færre og større einingar, dersom dette kan gje innbyggjarane betre tenester.
- Sikre økonomiske rammevilkår som gjer prioriteringar mogleg også utanom dei faste, lovpålagde tenestene.
- Gje bydelane meir makt over lokale plansaker, vegar, gater, trafikk, parkering og parkdrift.
- Overføre eit større ansvar for det kommunale bustadtilbodet til bydelane.
- Framleis la bydelane ha ansvaret for drift av barnehagane og gje bydelar som ynskjer det, forvaltingsansvar for barnehagebygg.
- Ha ei rettferdig fordeling av midlar til bydelane, basert på befolkningssamansetjinga deira.

Arbeidsgjevaransvar og drift

Kvaliteten på tilbodet til borgarane må vera fyrste prioritet. Kommunen må heile tida sjå på verksemda si for å få best mogleg tenester ut av kvar krone. Oslo er ein stor arbeidsgjevar med over 50 000 tilsette. Venstre vil at Oslo skal ha ein god personalpolitikk overfor sine tilsette og samarbeide konstruktivt med arbeidstakarorganisasjonane.

Venstre vil:

- Føre ein oversynleg og god arbeidsgjevarpolitikk, og harmonisere rettar med offentleg sektor og arbeidslivet elles der det er føremålstenleg.
- At dei tilsette i kommunen i størst mogleg grad skal spegle befolkningssamansetjinga.
- Opne for fleksible arbeidstidsordningar der det er lokalt ynske om det.
- Auke bruken av individuell lønsfastsetjing for å halde på viktig kompetanse i verksemdene til kommunen.
- Bruke mellombelse tilsetjingar som eit verkemiddel for å få fleire inn i arbeidslivet, men ha fast tilsetjing som hovudregel.
- Ha som mål at talet på tilsette i kommunen skal auke mindre enn folkeveksten.
- Avbyråkratisere kommunen, forenkle og forbetre drifta, redusere kostnadene og auke investeringstakta.
- Opne for å bruke private tenesteytarar når dette varetek eller styrkjer kvaliteten på tilbodet og gjev kostnadseffektiv drift.
- Samarbeide med sosiale entreprenørar for å heve kvaliteten på dei offentlege tenestene.

Pensjon

Tilsette i kommunen skal ha tryggleik for at dei får den pensjonen dei har krav på. Komande generasjonar har også krav på økonomisk handlefridom. Når pensjonsutbetalingane kværrset ein stadig større del av kommuneøkonomien, blir det mindre å fordele til andre prioriterte område. Veksten i kommunen sine pensjonskostnader må difor bremsast, slik at ikkje viktige velferdsoppgåver blir skadelidande.

Venstre vil:

- Gå gjennom Oslo kommune si tenestepensjonsordning med sikte på å redusere dei langsiktige kostnadene.
- Ta initiativ til reformer av offentleg tenestepensjon for å sikre eit system som er føreseieleg, økonomisk berekraftig og harmoniserer betre med ordningar i privat sektor.
- Motivere fleire til å stå lenger i jobb og fjerne særaldersgrenser der det er mogleg.

Skattar og avgifter

Venstre vil føre ein ansvarleg økonomisk politikk samstundes som byen må gjera store og naudsynte investeringar. Kommunen sin økonomi er god og må varetakast kontinuerleg. Avgifter må formast ut slik at Oslo kan nå målet om å vera ein internasjonalt leiande miljøby.

Venstre vil:

- Ikkje innføre eigedomsskatt i Oslo.
- Auke utfasingstakta for oljefyrar gjennom å innføre gunstige tilskots- og låneordningar, samstundes som det blir innført ei lokal CO₂-avgift på fyringsolje.
- Gje miljørabattar i form av reduserte byggjesaksgebyr til ENØK- og klimatiltak.
- Prioritere kampen mot svart arbeid.
- Søkje statlege styresmakter om å få innføre ei lokal straumavgift på 1 øre per kWh, som blir øyremerkt miljøtiltak.

- Arbeide for at Oslo får tilbakeført selskapsskatten og dokumentavgifta.

Eigarskap og innkjøp

Oslo kommune har eigarinteresser i ei rekkje selskap. Desse verdiane må forvaltast på ein berekraftig måte. Oslo kommune sine innkjøp skal vera innovative, økonomisk effektive og ha ei tydeleg etisk innretting. Oppbygging av innkjøpsfagleg kompetanse, klare rutinar og tydeleg ansvar er viktig også for å førebyggje korrupsjon og mislegheiter. Venstre vil gjera det lettare for små og mellomstore verksemdar å delta i kommunen sine anbodskonkurransar.

Venstre vil:

- Framleis bruke OPS som modell for å realisere investeringsprosjekt som nye skular, nye sjukeheimar og teknisk infrastruktur der det gjev lågare livslaupskostnader.
- Vidareutvikle varslingsordningane og ha rutinar som førebyggjer mislegheiter og korrupsjon.
- Vidareføre Oslo kommunes medlemskap i Transparency International Noreg.
- Stille krav om at leverandørane til kommunen driv verksemda si i samsvar med SNs ti Global Compact-prinsipp og ILOs kjernekonvensjonar.
- Ha ein offensiv kommunal eigarskapsstrategi, til dømes i energisektoren, der kommunen held fram å eige selskap når dette er viktig av sektorpolitiske, økonomiske eller strategiske grunnar.
- Sikre ei grøn, klimavenleg forvaltning av alle investeringane til kommunen, utan at det svekkjer krava til avkasting og risiko.
- Stille krav om at Oslo Pensjonsforsikring trekkjer seg ut av alle selskap, obligasjonar og fond som er direkte involverte i utvinning av tjæresand, kol, olje og gass.

Open og demokratisk by

Demokratiske rettar skal vera grunnleggjande for alle innbyggjarane i kommunen. Alle menneske har krav på privatliv. Venstre vil motarbeide alle former for diskriminering. Borgarane skal ikkje overvakast eller kartleggjast utan å ha gjeve samtykke eller at det ligg føre konkret mistanke om ei straffbar handling. Auka digitalisering skal ikkje gå på kostnad av personvernet.

Venstre vil:

- At 16- og 17-åringar skal ha røysterrett ved kommuneval i Oslo.
- Verja prinsippet om hemmelege val, og difor gå imot e-val.
- Avgrense høvet til kameraovervaking, og innføre meldeplikt når dette blir planlagt ved offentlege uteområde.
- Innføre ei avgift for å avgrense bruken av overvakingkamera i det offentlege rommet.
- Stille krav om at kameraovervaking alltid skal skiltast og at eventuelle opptak blir sletta etter kort tid.
- Stille strengare krav til lagring, bruk og vidareformidling av informasjon som er innhenta elektronisk av kommunen, mellom anna i journalsystema.
- Stille krav om at personvernomsyn blir varetakne i samband med innføring av velferdsteknologi og ulike former for tryggings- og tryggleiksløysingar.
- At kommunen skal ha som prinsipp at alle skal kunna få vita kven som har tilgang på informasjon om ein sjølv, og kvifor.
- Styrkje arbeidet mot diskriminering, hets og hatkriminalitet i samarbeid med

- Oslo politidistrikt og frivillig sektor.
- Videreføre handlingsplan mot diskriminering av LHBT-personar.